



Nynorsk kultursentrum



Årsmelding og rekneskap 2012

*Ivar Aasen-tunet
Olav H. Hauge-senteret
Dei nynorske festspela
Nettstadene
Vinjefondet
Språkåret 2013*

Innhald

Årsmelding

1 2012: Utvidinga 3

- 1.1 Økonomisk resultat 3
- 1.2 Felles 3
- 1.3 Ivar Aasen-tunet 3
- 1.4 Olav H. Hauge-senteret 4
- 1.5 Vinjefondet 4
- 1.6 Allkunne AS
- 1.7 Språkåret 2013 4
- 1.8 Gjester og brukarar 4
- 1.9 Fagleg innhald 4
- 1.10 Utstillingar 5
- 1.11 Dei nynorske festspela 5
- 1.12 Kulturprogram 5
- 1.13 Kafé, utleige, butikk 5
- 1.14 Kommunikasjon 5
- 1.15 Samla resultat 2000–2012 5

2 Visjon og oppgåver 5

- 2.1 Visjon 5
- 2.2 Verdier 6
- 2.3 Samfunnsoppdrag 6
- 2.4 Situasjonen for nynorsk skriftkultur 6
- 2.5 Posisjonen vår 6
- 2.6 Handlingsrommet vårt 7
- 2.7 Mål 7
- 2.8 Ivar Aasen-tunet 7
- 2.9 Olav H. Hauge-senteret 7
- 2.10 Kulturpolitiske prioriteringar 7
- 2.11 Institusjonelle prioriteringar 8

3 Drift 8

- 3.1 Resultat 8
- 3.2 Datterselskap 8
- 3.3 Administrasjon 8
- 3.4 Vidare drift 9

4 Disponering av resultat 9

5 Rekneskap 10

- Resultatrekneskap 10
- Balanse 11
- Notar 13
- Revisjonsmelding 15

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon 17

- 1.1 Råd 17
- 1.2 Styre 18
- 1.3 Administrasjon 18
- 1.4 Språkåret 2013 19
- 1.5 Verneombod 20
- 1.6 Rekneskap og revisjon 20
- 1.7 Stiftingar og aksjeselskap 20
- 1.8 Personalforvaltning 20
- 1.9 Medlemskapar 20
- 1.10 Verv og representasjon 20
- 1.11 Nynorsk Forum 21
- 1.12 Fehn-forum 21
- 1.13 Litteraturnettverket 21
- 1.14 Ivar Aasen-instituttet 21
- 1.15 Nynorsksenteret 21
- 1.16 Andre samarbeidspartnarar 21
- 1.17 Planar som styringsreiskap 22

2 Felles 22

- 2.1 Mål og strategi 22
- 2.2 Bygningar og uteområde 22
- 2.3 Forankring 22
- 2.4 Organisering 22
- 2.5 Innhald 22
- 2.6 Høyringsfråsegner 23
- 2.7 Årets nynorskbrukar 23

3 Ivar Aasen-tunet 23

- 3.1 Mål og strategi 23
- 3.2 Bygningar og uteområde 24
- 3.3 Forankring 24
- 3.4 Organisering 24
- 3.5 Innhald 24

4 Olav H. Hauge-senteret 24

- 4.1 Mål og strategi 24
- 4.2 Bygning og uteområde 25
- 4.3 Forankring 25
- 4.4 Organisering 25
- 4.5 Innhald 25

5 Vinjefondet 25

- 5.1 Mål og retningslinjer 25
- 5.2 Organisering 25

5.3 Tildelingar 25

6 Allkunne AS 26

7 Språkåret 2013 26

7.1 Bakgrunn 26

7.2 Mål og strategi 26

7.3 Organisering 27

7.4 Innhald 27

7.5 Kommunikasjon 27

8 Samling, dokumentasjon, formidling 28

8.1 Samlingsforvaltning 28

8.2 Jon Fosse-arkivet 30

8.3 Innkjøpte kunstverk 30

8.4 Sikring og bevaring 30

8.5 Dokumentasjon og forskning 30

8.6 Foredrag og samtalar 32

8.7 Bøker og andre skrifter 33

8.8 Fagleg representasjon 34

8.9 Publikumssørvis 37

9 Utstillingar 37

9.1 Basisutstillingar 37

9.2 Temautstillingar 38

9.3 Vandreutstillingar 38

9.4 Nettutstillingar 38

10 Tilbod til born og unge 38

10.1 Nye tilbod 39

10.2 Tunkatten Lurivar 39

10.3 Born og småbarnsfamiliar 40

10.4 Barnehagar 40

10.5 Skular 40

10.6 Den kulturelle skulesekken 41

11 Arrangement 42

11.1 Dei nynorske festspela 42

11.2 Program Ivar Aasen-tunet 43

11.3 Program Olav H. Hauge-senteret 44

12 Kafé og butikk 44

12.1 Kafé 44

12.2 Utleige 44

12.3 Butikk 45

12.4 Nettbutikk 46

12.5 Vareprofil 46

13 Nettstadene 46

13.1 aasentunet.no 46

13.2 tunkatten.no 47

13.4 haugesenteret.no 47

13.4 Besøk og bruk 47

13.5 Litteratur 47

14 Kommunikasjon 48

14.1 Presse og kringkasting 48

14.2 Trykksaker 48

14.3 Annonsering 49

14.4 Sosiale medium 49

14.5 Reiselivssamarbeid 49

14.6 Logo- og profilprogram 50

15 Gjester 50

15.1 Gjesteprofil 50

15.2 Gjestundersøking 51

15.3 Opningstider 51

15.4 Billettprisar 51

15.5 iTicket 51

16 Økonomi 52

16.1 Investeringar 52

16.2 Drift 52

16.3 Drifts- og prosjekttilskot 53

16.4 Samarbeidsavtalar 53

16.5 Samfunnsrekneskap 53

17 Retning 2018 54

17.1 Utvikling av Nynorsk kultursentrum 54

17.2 Dialog med mange land og kulturar 55

17.3 Oppfølging av språkmeldinga 56

17.4 Språk i barnehøgd 57

17.5 Digital nynorsk 57

17.6 Opplæringspolitikk for nynorsk 57

17.7 Ny og moderne argumentasjon 58

17.8 Vinjefondets rolle 58

17.9 Språk- og kulturpolitikk etter 2013 58

Vedlegg

Statistikk 2000–2012 60

Kulturprogram 2012 61

Dei nynorske festspela 2012 69

Temautstillingar 2000–2012 75

Årstalar og prisvinnarar Bakside

Foto framsida: Elevar frå Vikemarka skule i Hovdebygda på "Bli kjend med Ivar Aasen" i Ivar Aasen-tunet 26.9.2012 (foto Marita Bett Jensen)

Årsmelding

1 2012: Utvidinga

2012 blei eit år for utviding. Vi fekk på plass Språkåret 2013, som er det største prosjektet vårt til no, styrkte driftsavdelingane Aasen-tunet og Hauge-senteret, tok over Allkunne, laga den første internasjonale samarbeidsavtalen, arbeidde mykje med samlingsforvaltning og auka både inntekter og gjestetal. Dette kunne berre gjerast i ein robust organisasjon med sterk vilje til fellesskap.

Det offentlege har i fleire år gitt oss auka driftsmidlar. Samstundes har vi greidd å auke andre inntekter endå meir. Det er ei god investering å satse på oss.

Både driftsinntektene og driftskostnadene auka med 11 %. Positiv inntektsutvikling og stram kostnadsstyring gjorde det mogleg å setje av midlar til eit stort prosjekt.

Også i 2012 heldt vi bygningar og anlegg godt ved like. Galleriet blei renoverert og bygt om til mellombels bruk som arbeidsplass for tilsette i Språkåret og med etterbruk som møterom og galleri.

Som før blei både det kulturfaglege og driftsfaglege arbeidet utført med tyngd. Høge gjestetilgang og godt økonomisk resultat vitnar om at staben gjorde meir enn ein kunne vente.

Nynorsk kultursentrum har i mange år vore eit av musea i landet med flest born og unge blant gjestene. I 2012 utgjorde born og unge heile 45 % av alle gjestene våre.

Store, nye prosjekt og det vi elles utretta gjorde miljøet rundt Nynorsk kultursentrum endå større i 2012. Vi var til stades med 312 arrangement og tilstellingar i 31 kommunar, og i gjennomsnitt brukte dagleg nær 2000 personar tenestene våre.


Vi utvida verksemda i 2012, rekrutterte mange nye medarbeidarar og løyste dei fleste oppgåvene vi prioriterte. Mykje kan enno gjerast betre, men vi nådde viktige mål ved systematisk arbeid ut frå visjon, føremål og strategi.

1.1 Økonomisk resultat

Nynorsk kultursentrum har forretningskontor i Ørsta kommune.

Resultatet blei godt også i 2012. Drifta gav eit overskot på 626 000 kroner, mot 749 000 kroner året før.

Figur 1. Prosentfordeling inntekter 2011–2012



Slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette gjorde at driftsinntektene auka med 11 % til 20,6 millionar kroner. Eigeninntektene utanom statstilskot var på 5,9 millionar kr, mot 5,5 millionar kroner i 2011. Vi greidde dermed å auke eigeninntektene like mykje som driftstilskotet frå staten. Statstilskotet utgjorde 71 % av driftsinntektene, mot 70 % året før.

1.2 Felles

Fellesavdelinga dekkjer fellesfunksjonar, samordnar verksemda og står opp under drifta i resten av institusjonen. Avdelinga auka driftsinntektene med 34 % til 2 119 000 kroner. Med finansinntekter blei resultatet eit underskot på -139 000 kroner, mot eit overskot på 359 000 kroner året før.

1.3 Ivar Aasen-tunet

Dokumentasjons- og opplevingssenteret for nynorsk skriftkultur var kjernen i verksemda vår. Med stor fagleg breidd i eit jamt veksende publikumstilbod førte vi vidare det beste frå 2011. Driftsinntektene minka med 1 % til 14,1 millionar kroner og gav eit resultat på 501 000 kroner, mot 288 000 kroner året før.

Vi brukte vel 800 000 kroner til to store vedlikehaldsprosjekt – nytt golv i Stabburet og ombygging av Galleriet til kontor- og møterom.

1.4 Olav H. Hauge-senteret

Dokumentasjons- og formidlingssenteret for Olav H. Hauge og lyrikk i mange former blei utvida til tre faste stillingar i 2012. Driftsinntektene var på 2,4 millionar kroner og gav eit resultat på 263 000 kroner, mot 102 000 kroner året før.

1.5 Vinjefondet

Vinjefondet skal styrkje bruken av nynorsk i media, og Nynorsk kultursentrum forvaltar midlane etter avtale med Kulturdepartementet. Vinjefondet løyvde 600 000 kroner til to prosjekt, mot 470 000 kroner til tre prosjekt i 2011.

1.6 Allkunne AS

Arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og eit allment digitalt leksikon på nynorsk heldt fram i regi av Allkunne AS. Nynorsk kultursentrum blei i 2012 eineigar av selskapet. Driftsinntektene var på 2,4 millionar kroner, og ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 8365 artiklar.

1.7 Språkåret 2013

På oppdrag frå regjeringa Stoltenberg II leverte vi i januar 2012 prosjektplan for Språkåret, utvikla ei rekkje idear vidare og etablerte prosjektorganisasjon med tre tilsette. 1 429 000 kroner blei brukte til prosjektplanlegging, mot 551 000 kroner i 2011.

1.8 Gjester og brukarar

Talet på gjester ved arrangement og utstillingar auka med 14 % frå 19 206 i 2011 til 21 854 i 2012. Av dette stod Ivar Aasen-tunet for 20 483 gjester (18 927 i 2011), og Olav H. Hauge-senteret hadde 389 gjester (379 i 2011).

9963 eller 45 % av gjestene var born og unge, mot vel 5500 året før. Den store auken

kjem frå fleire skuleturnear og store barnearrangement.

Nettstadene hadde 312 421 unike brukarar med til saman 739 9315 viste sider, mot 250 000 og 701 000 i 2011. Vi hadde dermed 14 gonger fleire brukarar på nettstadene enn gjester på arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Vi var aktive med arrangement eller utstillingar i 31 kommunar i sju fylke. Ti av kommunane var nye.

1.9 Fagleg innhald

Samlingane i Ivar Aasen-tunet auka med 6 % til nær 80 000 einingar i 2012. Av dette var 21 % tilfredsstillande registrerte, mot 23 % året før. Olav H. Hauge-senteret fekk ein del materiale også i 2012.

I 2012 publiserte vi 2160 nye tekstdokument på nettstadene. Til saman kunne publikum velje mellom 13 950 digitale tekstdokument.

Styre og tilsette representerte ved 201 høve mot 165 året før – medrekna sekretariatet i Språkåret 2013. Tilsette og tillitsvalde publiserte 38 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 56 i 2011. Direktøren heldt den 12. og siste årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur: *Draumen om målet*.

20 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknytning til samlingane våre.

Vi gav i 2012 høyringsfråsegner om språk- og litteraturpolitikk i bokbransjen, kunnskapsbasert kulturpolitikk og kulturplan for Hordaland fylkeskommune. I tillegg skreiv vi brev til kontroll- og konstitusjonskomiteen i Stortinget med argument for at Grunnlova blir omsett til moderne nynorsk og bokmål.

Vinteren 2012 laga vi ein omfattande politisk argumentasjon om opplæringspolitikk for nynorsk til bruk i alle dei politiske partia.

Journalistane Ingvild Bryn og Arill Riise fekk prisen *Årets nynorskbrukar 2012*.

Nynorsk kultursentrum skreiv i 2012 ein intensjonsavtale 2013–2014 med Háskoli Íslands, NTNU, Universitetet i Bergen og

Hordaland fylkeskommune om bidrag til eit internasjonalt språksenter i Reykjavík. Vi har ansvaret for oppfølging frå norsk side.

1.10 Utstillingar

Driftsinntektene for Utstillingar i Ivar Aasen-tunet auka med 1 % til 2 318 000 kroner i 2012. Dette gav eit underskot på -136 000 kroner, mot eit underskot på -61 000 kroner året før.

7613 elevar og lærarar var med på elevprogramma *Snakk om språk!*, *Katta i sekken* og *Lurivar og kjærleiken*, mot 2966 i 2011.

I 2012 laga vi ei ny temautstilling. Som før var det noko nytt i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet kvar opningsdag.

Sju temautstillingar blei viste i Olav H. Hauge-senteret og på to andre stader.

1.11 Dei nynorske festspela

Dei nynorske festspela auka driftsinntektene med 8 % til 2 103 000 kroner og fekk eit underskot på -87 000 kroner, mot eit overskot på 71 000 kroner året før.

I kunstnarleg kvalitet var Festspela svært vellukka, men gjestetallet var uventa lågt – 5168 gjester på 48 arrangement, mot 6125 gjester på 51 arrangement i 2011. 145 utøvarar stod for det kunstnarlege og faglege innhaldet.

1.12 Kulturprogram

For kulturprogrammet i Ivar Aasen-tunet minka driftsinntektene med 5 % til 775 000 kroner. Resultatet blei eit underskot på 49 000 kr, mot eit underskot på 160 000 kroner året før.

Utanom Dei nynorske festspela gjennomførte vi 48 kulturarrangement i eigen regi, mot 35 året før – 41 i Ivar Aasen-tunet og 7 i Olav H. Hauge-senteret. 350 utøvarar stod for det kunstnarlege og faglege innhaldet.

1.13 Kafé, utleige, butikk

Kafeen og butikken i Ivar Aasen-tunet auka si samla omsetning med 6 % til 2 008 000 kroner. Drifta gav eit samla overskot på 220 000 kroner, mot 40 000 kroner året før.

Både meny og vareutval heldt eit høgt nivå, og butikken omsette for meir enn nokon gong før.

1.14 Kommunikasjon

Kommunikasjonskostnadene auka med 13 % til 1 175 000 kroner i 2012. Dette utgjorde 5,9 % av samla driftskostnader, mot 5,8 % i 2011. Den store auken var i tråd med budsjettet.

Det samla opplaget på trykksaker var 115 000 eksemplar, mot 135 000 året før.

I 2012 utvikla vi særleg bruken av sosiale medium.

1.15 Samla resultat 2000–2012

Til no har vi hatt nær 244 000 gjester og 3 122 000 nettstadbrukarar. I alt 3,4 millionar personar har altså nytta tilboda våre. Etter 13 driftsår er dette noko av resultatet:

- 79 946 bøker, skrifter, foto, kunsthistoriske og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
- 3200 arrangement med 8600 utøvarar
- 29 temautstillingar er laga og har vore lånte ut 145 gonger til stader i 18 fylke
- 13 950 tekstdokument på nettstadene
- Arrangement og utstillingar i 133 kommunar i alle fylka
- 807 turnéframсыningar av fire elevprogram for 23 876 elevar og lærarar

2 Visjon og strategi

Styret vedtok i 2007 eit visjonsdokument for Nynorsk kultursentrum. Etter drøfting i stab og råd vedtok styret i 2012 ein første strategiplan, samla i dokumentet *Visjon og strategi 2012–2015*.

2.1 Visjon

Nynorsk, sjølv sagt, når som helst og kor som helst. Vi vil eit samfunn der det er sjølv sagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der det er sjølv sagt at nynorsk kan brukast i alle situasjonar.

2.2 Verdier

Open, modig, overraskande. Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordomar om norsk språkpolitikk og samtidslitteratur, vi ønskjer å overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og publikum skal vite at vi er til å stole på.

2.3 Samfunnsoppdrag

Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar. Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlarer av nynorsk identitet og sjølvtilit. Det vi gjer undervegs til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane. Dei som høyrer på oss, skal kjenne seg att i det vi seier, men også kunne bli overraske. Språk er den nødvendige føresetnaden for all litteratur, frå sakprosa til lyrikk, og litteraturen pregar språket. Den nynorske grunntanken om kort avstand mellom tale og skrift inneber at språk kan demokratisere samfunn. Vi vil bruke kunnskap om språk og litteratur i fortid og samtid til å endre framtida slik at fleire blir og blir verande nynorskbrukarar.

2.4 Situasjonen for nynorsk skriftkultur

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og favorisering.

Det blir tenkt annleis om språk både i Noreg og mange andre land no enn då ideen om Ivar Aasen-tunet blei forma i 1990. Det fleirspråklege har fått status, og den språklege toleransen er truleg større enn før, men motviljen mot nynorsk kjem som før raskt til syne når det røyner på, dvs. særleg når nynorsk blir teken i bruk på nye område. Det

er lettare å arbeide for visjonen vår no enn for ti år sidan, men nynorskbrukarane er ikkje blitt fleire i vår tid.

Posisjonen for lyrikk er i endring. Songlyrikken står som før sterkt blant publikum, og sterkare enn for tretti år sidan i academia. Festivalar, kulturhus, forfattardagar har sidan 1970-åra endra haldninga til kunstlyrikk i den forstand at ganske mange gjerne høyrer på lyrikklesingar, men salet av lyrikkbøker har ikkje auka. Lyrikk på nynorsk har høg status og er heva over motstanden mot nynorsk.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gamal og byggjer på ein tusenårslang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss.

2.5 Posisjonen vår

Vi er det største litteraturmuseet i Noreg og det einaste språkmuseet i Norden.

Nynorsk kultursentrum blei stifta i 1993 for å etablere og drive Ivar Aasen-tunet. 20 år seinare er stiftinga blitt ein drifts- og prosjektorganisasjon med fleire driftsavdelingar og store prosjekt. Vi involverer oss berre der vi kan spele ei reell rolle og har ein viss styringsrett.

Arbeidet er prega av at Nynorsk kultursentrum er blitt ein robust organisasjon med sterk vilje til fellesskap. Vi er blitt ein institusjon å rekne med, og berre vi sjølve kan syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Vi har svært vide samarbeidsflater, blir oppfatta som ein offensiv, påliteleg og løysingsorientert aktør, og vi er mindre stadbundne enn dei fleste abm-institusjonane.

Kunnskap, fantasi og gjennomførings-evne er dei tre føresetnadene våre for å lykkast som den kunnskaps- og opplevingsverksemda vi er. Medarbeidarane har ein svært samansett kompetanse. Likevel er det alltid noko meir vi bør vite og noko meir vi bør kunne. Vi veit aldri nok, vi vil heile tida lære meir, og vi liker det.

Ei kunnskapsverksemd som vår må leve med at ambisjonane er høgare enn det vi faktisk maktar å gjennomføre. Dette blir i vårt tilfelle forsterka av at svært mange oppgåver må løysast for at det skal bli sjølv-sagt for kven som helst å bruke nynorsk når som helst, kor som helst.

Alle tilsette skal kunne meir og vere meir kompetente på sine fagfelt når dei sluttar enn då dei tok til.

2.6 Handlingsrommet vårt

Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Vi er ein konsekvent tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar.

Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar eller ein kompetent og konstruktiv samarbeidspartnar. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan tilfredsstille dei auka krava til kvalitet på tenestene og tilboda våre som følgjer av dette.

Det viktige for oss blir å prioritere strengt og sikre at eventuelle nye tiltak styrkjer, ikkje svekkjer, drifta av etablerte avdelingar og tiltak. Samstundes skal vi vere til nytte og løyse problem for både publikum og styresmakter.

Ei systematisk, fagleg gjennomtenkt og utoverretta samlingsforvalting er grunnlaget for heile verksemda.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi vil ikkje ha noko skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving.

Styresmakter, kollegaer, samarbeidspartnar og publikum ventar at vi utviklar ny og påliteleg kunnskap om språk og litteratur, at

vi overraskar i både synspunkt og tilbod, og at alt vi gjer, er prega av kvalitet.

2.7 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

2.8 Ivar Aasen-tunet

Mål 2012–2015: Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land og kulturar.

Slagord: Ivar Aasen-tunet – målet for alle.

2.9 Olav H. Hauge-senteret

Mål 2012–2015: Skape eit dokumentasjons- og formidlingssenter om Olav H. Hauge og lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser.

Slagord: Olav H. Hauge-senteret – store opplevingar på små flater.

2.10 Kulturpolitiske prioriteringar

Mykje står att for å skape røyndom av den systematiske styrkinga av nynorsk skriftkultur som Stortinget føresette i 2004 og som blei stadfesta i språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg. Det er offisiell politikk å følgje *prinsippet nynorsk*, som Nynorsk kultursentrum første gongen formulerte i 2005. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der språk blir tematisert. Dette føreset tre overordna strategiar:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt
- Born og unge må få meir nærkontakt med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

Det trengst ein nynorsk tiltakspakke, mykje større og øyremerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda.

Allmennpolitisk prioriterer vi desse seks områda:

1. Dialog med mange land og kulturar: auke den språklege toleransen i Noreg,

fremje internasjonalt samarbeid og dokumentere den norske språksituasjonen ut frå samanliknande perspektiv.

2. Språkmeldinga Mål og meining: følgje opp prinsipp og strategiar i meldinga, og utdjupe, presisere og målrette dei viktigaste tiltaka

3. Språk i barnehøgdd: styrkje tilbodet på nynorsk til born i form av lesestoff, barne-tv frå allmennkringkastarane, digitale tenester, i barnehagane og gjennom Den kulturelle skulesekken

4. Digital nynorsk: fremje tiltak som kan auke bruken av nynorsk i digitale tenester frå skuleverket, offentleg forvaltning og i fritida

5. Opplæringspolitikk for nynorsk: klarleggje kva som må stå fast og kva som bør endrast

6. Moderne argumentasjon: vere med og utvikle ein ny, overordna, framtidsretta argumentasjon for nynorskens plass i landet.

2.11 Institusjonelle prioriteringar

Vi skal vere ein av dei mest aktive og ut-overretta kulturinstitusjonane i Noreg. Språkleg toleranse og dialog med mange land og kulturar skal prege verksemda vår, frå arrangement og utstillingar til dokumentasjon og publikumstenester.

Innanfor eiga verksemd prioriterer vi desse oppgåvene:

1. Gjennomføre Språkåret 2013

2. Opne eit komplett publikumstilbod i Olav H. Hauge-senteret i Ulvik i 2014

3. Avklare vidare strategi for Allkunne som eit allment og fullgodt digitalt oppslagsverk

4. Realisere planane for Jon Fosse-arkivet

5. Planleggje nybygg i Ivar Aasen-tunet

Nynorsk kultursentrum kan gjerne bli ein større organisasjon, men etablerte tiltak må ha passert sine milepårar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Det er strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta. Vi tek likevel ikkje på oss nye store oppgåver før Hauge-senteret er opna i 2014.

3 Drift

Med driftsinntekter på 20 651 000 kroner blei 2012 eit svært aktivt år prega av mange nyttilsetjingar. Særleg gledeleg var arbeidet med å utvikle Språkåret 2013 og den nye driftsavdelinga Olav H. Hauge-senteret, utviklinga i Allkunne AS og drifta av butikken i Ivar Aasen-tunet.

Vi driv ei mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke. Eit fleire år langt arbeid for å styrkje driftskapitalen viser att. Med fornyinga av verksemda treng vi endå noko meir i botnen som kan sikre grunnlaget for stabil drift.

Mange vedlikehaldsoppgåver blei gjennomførte i 2012.

3.1 Resultat

Rekneskapen syner eit overskot på 625 570 kroner etter finansinntekter, mot 749 126 kroner i 2011.

Drifta var styrt i retning av eit slikt resultat slik at det kunne vere mogleg å setje av ekstra midlar til prioriterte tiltak på innhaldssida i 2013.

3.2 Datterselskap

Frå juni 2012 eig Nynorsk kultursentrum 100 % av aksjane i datterselskapet Allkunne AS. Aksjekapitalen er på 100 000 kroner. Føremålet er å utvikle og drive digitale kunnskapsbasar på nynorsk.

3.3 Administrasjon

Vi hadde tilsette i 14 faste stillingar og arbeidsavtalar med 58 betalte medarbeidarar. Det blei i alt utført 16,1 betalte årsverk. Sjukefråværet utgjorde 5,6 % av samla arbeidstid, mot 4,3 % året før.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk. Fire av sju styremedlemmer var kvinner, og i rådet var ni av 23 medlemmer kvinner. I leiargruppa sat ei kvinne og to menn, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2012 sju menn og seks kvinner.

Ved tilsetjingar prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjo-

nar. Over tid skal det vere balanse mellom tal på kvinner og menn i staben, på same måten som vi ønskjer variasjon i alder, geografi, bakgrunn og fagprofil.

Alle krav i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne gjeld ikkje for verksemda vår, men vi gjer alt vi kan for å oppfylle dei relevante krava. I 2012 la vi grunnlaget for meir universelt tilgjengelege nettstader.

Verksemda vår er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda følgde alle miljøregelverk i 2012. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum leverte i 2012 ingen produkt som skaper vesentlege miljøproblem.

3.4 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 250 000 kroner. Denne kapitalen står på renteberande konto.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2012.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilete av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kroner.

	2010	2011	2012
Driftsinntekter	14 988	18 631	20 651
Resultat	282	749	626
Eigenkapital	864	1264	1750

4 Disponering av resultat

Av årsoverskotet på 625 570 kroner blir 475 570 kroner lagd til eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 1 749 661 kroner.

Vidare blir 150 000 kroner sette av til basisutstilling i Olav H. Hauge-senteret.

Hovdebygda, 31. desember 2012 / 26. februar 2013

Reidar Sandal, *leiar*

Georg Arnestad

Sigrun Høgetveit Berg

Jon Østbø

Bente LaForce

Grete Riise

Anders Aanes

Ottar Grepstad, *direktør*

Rekneskap, 7 sider

Rekneskap, 7 sider

Rekneskap, 7 sider

Rekneskap, 7 sider

Rekneskap, 7 sider

Rekneskap, 7 sider

Rekneskap, 7 sider

Administrasjonens årsrapport

1 Organisasjon

Ved utgangen av 2012 eig og driv Nynorsk kultursentrum desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Olav H. Hauge-senteret
- Dei nynorske festspela
- Nettstadene aasentunet.no, tunkatten.no og haugesenteret.no
- Allkunne AS

I tillegg driv stiftinga

- Vinjefondet
- Språkåret 2013

I 2011 hadde vi 58 lønte medarbeidarar. Det blei utført i alt 16,1 betalte årsverk. Vi følgde opp medlemskapar i 18 institusjonar og organisasjonar, og tilsette hadde verv i 20 styre, råd og utval. Vi leidde arbeidet i tre nasjonale nettverk og hadde som før om åra jamleg kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemdar.

1.1 Råd

Med Høgskulen i Sogn og Fjordane som ny stiftar frå 1.1.2012 står 23 stiftarar bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar utnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum.

Rådet har vedteke at rådsmedlemer ikkje bør sitje lenger enn åtte år, og har oppmoda stiftarane om å sikre god balanse mellom kjønna. Rådet hadde desse medlemene i 2012 (utnemningsperiode i parentes):

Kommunar og fylkeskommunar

Hordaland fylkeskommune: Mona Hellesnes (2012–15), vara Jon Askeland (2012–15)

Møre og Romsdal fylke: Torleiv Rogne (2012–13), vara Jan Magne Dahle (2012–13)

Rogaland fylkeskommune: Jarle Braut (2007–15), vara Brit L. Kvassheim (2012–15)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Nils P. Støyva (2012–15), vara Hege Lothe (2012–15)

Ulvik herad: Hans Petter Thorbjørnsen (2012–), vara Stig Yngve Røkenes (2012–)

Volda kommune: Rebecca Christina Riise (2012–), vara Hilde Osdal (2009–)

Ørsta kommune: Jostein O. Mo (2008–15), vara Hjørdis Almelid Vikenes (2008–2015)

Forsknings- og utdanningsinstitusjonar

Ivar Aasen-instituttet: Bjørg Nesje Nybø (2012–13), vara Hans Marius Hansteen (2012–13)

Høgskulen i Volda: Terje Aarset (2006–13), vara Katrin Lunde (2010–13)

Høgskulen i Sogn og Fjordane: Eli Bjørhusdal (2012–13), vara Gunnar Yttri (2012–13)

Møreforsking: Gunnar Stave (2009–12), vara Geir Tangen (2006–12)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–12), vara Einar Opsvik (2009–12)

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet: Hanne Siri Sund (2012–13), vara Gunnar Foss (2012–13)

Universitetet i Bergen: Endre Brunstad (2011–12), vara Ann-Kristin Helland (2011–2012)

Universitetet i Oslo: Ålov Synnøve Runde (2009–12), vara Bjørghild Kjelsvik (2011–12)

Universitetet i Tromsø: Øystein Vangsnes (2010–13), vara Aud Kirsti Pedersen (2008–13)

Kulturinstitusjonar

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget: Øystein Tormodsgard (2011–12) / Ragnfrid Trohaug (2012–13), vara Tom Skovdahl (2011–12) / Edmund Austigard (2012–13)

Det Norske Teatret: Carl Morten Amundsen (2012–13), vara Astrid Driva Rødsand (2012–13)

Sunnmøre Museum: Heidi Thöni Sletten (2011–12), vara Jørgen Holte (2011–12)

Målrørsle

Noregs Mållag: Wegard Harsvik (2011–13), vara Bente Riise (2012–13)

Noregs Ungdomslag: Endre Kleiveland (2012–13), vara Aud Solveig Malmedal (2009–13)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Astrid Myran Aarvik (2012–13), vara Rune Øygard (2011–13)

Vestmannalaget: Ingvar Pilskog (2009–12), vara Sissel-Anny Hjelmteit (2009–12)

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet
2. Oppnemne to styremedlemer og ein varamedlem til styret i Nynorsk kultursentrum
3. Velje revisor for Nynorsk kultursentrum
4. Drøfte faglege spørsmål og aktuelle saker etter behov og eventuelt vedta fråsegner om saker som gjeld arbeidsområdet for stiftinga, utan å binde styret.

Wegard Harsvik var rådsordførar, og sekretær var Ottar Grepstad.

Rådet hadde to vanlege møte og eit telefonmøte og handsama i alt 24 saker, mot 23 året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene årstalen, Olav H. Hauge-senteret, Språkåret 2013, oppfølging av språkmeldinga, opplæringspolitikk og strategiplan.

1.2 Styre

Styret har sju medlemer. Staten v/Kulturdepartementet utnemner fire medlemer og to varamedlemer i nummerert rekkjefølgje, rådet vel to medlemer og éin varamedlem, og dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem. Styret i 2012 var:

Oppnemnde av Kulturdepartementet 24.3.2010–31.12.2013

Reidar Sandal, Florø, leiar (utnemnd første gongen 2010)

Bente LaForce, Hamar (utnemnd første gongen 2008)

1. varamedlem: Torunn Hovland Ljone, Ulvik (utnemnd første gongen 2010)

2. varamedlem: Reza Rezaee, Oslo (utnemnd første gongen 2010)

Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 1.1.2012–31.12.2015

Georg Arnestad, Sogndal (utnemnd første gongen 2008)

Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø (utnemnd første gongen 2008)

Vald av rådet 1.1.2012–31.12.2015

Jon Østbø, Oslo (vald første gongen 2012)

Valde av rådet 1.1.2010–31.12.2013

Grete Riise, Bergen (vald første gongen 2010)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemer: Toril Overå, Hareid (vald første gongen 2012)

Vald av dei tilsette 1.1.2012–31.12.2013

Åshild Widerøe, Volda (vald første gongen 2008)

Varamedlem Anders Aanes, Volda (vald første gongen 2011)

Frå 1.11.2012 har Widerøe studiepermisjon. Fast medlem vald av dei tilsette var frå då av Anders Aanes.


Rådsordførar Wegard Harsvik møtte som observatør på møta, og sekretær var Ottar Grepstad.

Styret hadde fem vanlege møte og to telefonmøte og handsama i alt 90 saker, mot 71 året før. Utanom dei faste sakene budsjett, søknad om statstilskot, rekneskap og årsmelding, visjon og strategi, var dei viktigaste sakene Språkåret 2013, Allkunne, Vinjefondet, høyringsfråsegner og langtidsplanar for ulike delar av drifta.

1.3 Administrasjon

Nynorsk kultursentrum hadde arbeidsavtale med 59 medarbeidarar, mot 49 året før. Desse utførte 16,1 betalte årsverk mot 15,5 i 2011. Av dette stod dei fast tilsette for 11,9 årsverk, mot 11,0 året før. To medarbeidarar i arbeidspraksis utførte 0,2 årsverk og frivillige 0,2 årsverk. Samla arbeidsinnsats i 2012 var dermed 16,5 årsverk.

Figur 2. Betalte årsverk 2008–2012



Desse var fast tilsette eller tilsette i vikariat:

Ottar Grepstad, direktør
 Mari Olafson Lundemo, dagleg leiar Olav H. Hauge-senteret (til 28.2.)
 Kjersti Kildahl, dagleg leiar Olav H. Hauge-senteret (frå 1.6. til 7.9.)
 Gaute Øvereng, dagleg leiar Ivar Aasen-tunet
 Mona-Iren Auganæs, bibliotekar
 Eirik Bergesen Dalen, dokumentasjonsansvarleg
 Terje Hjartnes, administrasjonssekretær
 Olav H. Hauge-senteret (frå 1.9.)
 Milan Ilic, kjøkkenleiar
 Marita Bett Jensen, vikar formidlar (frå 1.1.)
 Knut-Johann Skogstrøm Jørgensen, driftsleiar (til 28.2.)
 Liv Astrid Skåre Langnes, formidlar
 Laila Walseth Lid, kommunikasjonsrådgivar
 Sigbjørn Mork, driftsansvarleg
 Karine Munch, vikar programansvarleg (frå 1.11.)
 Ingrid I. Opedal, tunvert
 Åshild Widerøe, programansvarleg (permisjon frå 1.11.)
 Anders Aanes, dokumentasjonsleiar
 Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær

I gjennomsnitt auka overtid per fast tilsett frå 60 timar i 2011 til 70 timar i 2012.

Desse 26 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte 3929 timeverk, mot 4417 timeverk året før:

Petrica Aldalic
 Marit Lid Bjerkvik
 Cato Brunstad
 Astrid Aakre Eikrem

Nevena Gagic
 Siri Beate Gjerde
 Seline A. Ilic
 Susanne Kippersund
 Maria Fryd Vigdel Kolnes
 Jorun A. Kornberg
 Stina Aasen Lødemel
 Eivind Myklebust
 Øystein H. Opedal
 Åsmund H. Opedal
 Daniel Rodriguez
 Sunniva Widerøe Rotevatn
 Ingrid L. Saure
 Gunhild Berge Stang
 Daniela Trickovic
 Guro Velle
 Yvonne S. Viken
 Ingeborg Widerøe
 Heidi Ørstavik
 Aslaug Marit Øyehaug
 Tale B. Øyehaug
 Kristin Årøen

Desse ti var engasjerte til elevfram-syningane *Snakk om språk!*, *Katta i sekken*, *Lurivar og kjærleiken* og *Bli kjend med Ivar Aasen*:

Unn C. Fyllingsnes
 Runar Gudnason
 Maria Halseth
 Eirik Helleve
 Solveig Styve Holte
 Silje Silden
 Line Starheimsæter
 Aslak Strønen
 Norvald Øye
 Heidi Alice Aarset

Det samla engasjementet for desse utgjorde 1800 timar, mot 800 timar året før.

To medarbeidarar utførte til saman 396 timar arbeidspraksis i Ivar Aasen-tunet.

Frivillige utførte 0,2 årsverk, som i 2011.

1.4 Språkåret 2013

Jens Kihl, prosjektleiar (til 15.1.)
 Inger-Johanne Sæterbakk, prosjektleiar (frå 29.6.)
 Bente Lothe Eldholm, prosjektsekretær (frå 1.9.)
 Jannicke Velsvik, produsent (frå 5.11.)

1.5 Verneombod

Milan Ilic var verneombod med Anders Aanes som vara. Verneombodet tok det lovpålagde kurset for verneombod. Direktør og verneombod hadde regelmessige møte gjennom året.

1.6 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/Arvid Hovden.

1.7 Stiftingar og aksjeselskap

Nynorsk kultursentrum eig aksjar for 100 000 kr i Allkunne AS.

1.8 Personalforvaltning

Nynorsk kultursentrum og Forskarforbundet har avtale om eit lokalt lønssystem som gjeld for alle tilsette, og som byggjer på alternativ B i museumsovereinskomsten i Virke, før HSH.

Nynorsk kultursentrum har signert samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv med Arbeids- og velferdsetaten. På denne måten systematiserer vi arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø betre.

1.9 Medlemskapar

Nynorsk kultursentrum var medlem av desse 18 institusjonane og organisasjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal, MIMR (frå 2000)
- Norsk Kulturhusnettverk, NKN (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP (frå 2003)
- Norsk bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)
- Virke (frå 2008)
- Norsk Barneblad (frå 2008)

- Litteraturnettverket (frå 2008)
- HSH-nettverk for reiseliv (frå 2011)
- HSH-nettverk for museumsdirektører (frå 2010)
- Hanen, nettverk for bygde- og gardsturisme (frå 2010)

1.10 Verv og representasjon

Tilsette hadde verv og representasjonsoppgåver i 20 styre, råd og utval, mot 21 året før:

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Grimstad bys museer: Ottar Grepstad (styremedlem 2008 –15)
- Styringsgruppe for hundreårssoga til Det Norske Teatret: Ottar Grepstad (2006–13)
- Språkrådet: Ottar Grepstad, styremedlem 2006–10, styreleiar 2010–14
- Musea i Møre og Romsdal: Gaute Øvereng, styremedlem (2011–)
- Norske Festivaler: Åshild Widerøe, medlem (2007–11)
- Ørsta Reiselivslag: Gaute Øvereng (varamedlem 2011–)
- Fehn-forum: Gaute Øvereng (leiar, 2011–), Ottar Grepstad (2008–)
- Allkunne: Ottar Grepstad, hovudredaktør (2007–)
- Litteraturnettverket: Ottar Grepstad (leiar), Gaute Øvereng, Anders Aanes (2008–), Eirik Bergesen Dalen (2011–)
- Interimstyre Jon Fosse-arkivet: Ottar Grepstad (2008–)
- Norsk Barneblad: Gaute Øvereng (varamedlem styret 2009–12)
- Norsk Barneblad: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (vararådsordførar 2009–12)
- Referansegruppe for nytt kulturhus i Volda: Ottar Grepstad (2010–12)
- Operaen i Kristiansund: Ottar Grepstad (varamedlem 2011–12)
- Ressursgruppe for nynorsk i Kunnskapsdepartementet: Ottar Grepstad (2012)

- Jury for Ung poesi-prisen ved Ulvik Poesifest: Eirik Bergesen Dalen, leiar (2012)
- Venelaget Olav H. Hauge: Terje Hjartnes (varamedlem styret 2012–13)
- Nynorsk forum i Sogn og Fjordane: Otta Grepstad (2012–)

1.11 Nynorsk Forum

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan som i 2012 hadde 21 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter som medlemmer. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta.

Vi leidde også i 2012 arbeidet. Nynorsk Forum hadde tre møte og handsama i alt 23 saker. Utanom informasjonsutveksling og samordning var dei viktigaste sakene nynorskprioriteringar i statsbudsjettet, oppfølging av språkmeldinga og opplæringspolitikk for nynorsk.

1.12 Fehn-forum

Seks museum har byggverk skapte av Sverre Fehn. Desse ligg i Horten, Oslo, Hamar, Alvdal, Ørsta og Fjærland. Musea møtest til vanleg minst ein gong i året. Føremålet er å sikre erfaringsutveksling for førebyggjande tiltak, utvikle kompetanse, samarbeide om marknadsføring og eventuelt utvikle felles produkt.

Forumet hadde ingen møte i 2012.

1.13 Litteraturnettverket

I samsvar med avtale med ABM-utvikling etablerte Nynorsk kultursentrum 7.11.2008 Litteraturnettverket. Dette skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrkjer litteraturens plass i Noreg. Ved årsskiftet var 29 driftseiningar ved 14 litterære museum med.

Nettverket hadde to møte, på Lillehammer og Bryne, og dreiv verksemda i samsvar med arbeidsplan 2011–2014. To fellesprosjekt var i arbeid – norsk digital litteraturhistorie og forfattarturné i Språkåret 2013.

Norsk kulturråd evaluerte alle museumsnettverka i 2011 og gav ein del tilrådingar til Kulturdepartementet som er under oppfølging.

Litteraturnettverket fekk eit tilskot på 40 000 kroner frå Kulturrådet til definerte prosjekt i 2012.

1.14 Ivar Aasen-instituttet

For Nynorsk kultursentrum var Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartnar like frå 1993. Frå instituttet si side har samarbeidet skifta mykje, men frå 2011 har dette kome inn i ei fast og forpliktande form. I 2012 gjennomførte vi fagdag for masterstudentar frå instituttet.

Høgskulen i Volda har i fleire år arbeidd med den vidare organiseringa av instituttet. I møte i desember 2012 vedtok styret ved høgskulen å omdefinere instituttet til Forskingssenter for skriftkultur. Dette blir frå 1.1.2013 ein del av Ivar Aasen-instituttet, tidlegare Institutt for språk og litteratur, ved avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Forskingssenter for skriftkultur blir eiga budsjetteining, og det blir oppnemnt eige fagråd.

1.15 Nynorsksenteret

Nynorsksenteret – Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – rettar seg først og fremst inn mot lærarar, Nynorsk kultursentrum mot elevane. Denne arbeidsdelinga har kome under press gjennom oppdragsbrev fra Utdanningsdirektoratet til senteret.

I 2012 gjennomførte vi Nynorsk barnebokveke i samarbeid med m.a. Nynorsksenteret.

1.16 Andre samarbeidspartnarar

Nynorsk kultursentrum representerer ein komplett abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemdar som er spreidde i mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

Denne utoverretta verksemda kravde svært mykje arbeids- og reisetid i 2012.

1.17 Planar som styringsreiskap

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig desse ti langtidsplanane som styringsdokument for verksemda (siste vedtak i parentes):

- Visjon og strategi (første gong 2012)
- Sikring og bevaring (2011)
- Samling og dokumentasjon (2012)
- Utstilling og formidling (2009)
- Digitale tenester (2012)
- Dei nynorske festspela (første gong 2008)
- Kulturprogram (første gong 2009)
- Marknadsføring og informasjon (2011)
- Butikk (2012)
- Kafé (2010)

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med to års mellomrom.

2 Felles

Fellesavdelinga auka driftsinntektene med 34 % frå 1,6 millionar kroner i 2011 til 2,1 millionar kroner i 2012. Med finansinntekter gav drifta eit underskot på 139 000 kroner.

2.1 Mål og strategi

Avdelinga har vore i drift frå 1.1.2011 med direktøren som leiar. Dette gir institusjonen ei smidig organisering som gjer at kultur- og museumsfaglege funksjonane blir verande sterke og helst styrkte, dekkjer dei merkantile funksjonane, sikrar mest mogleg utoverretta arbeid og gjer vidare ekspansjon mogleg.

Styret la vekt på å få til ein slitesterk og meir personuavhengig organisasjon, kort veg til overordna og avgjerder, og godt handlingsrom for sjølvstendig arbeid. Ivar Aasen-tunet skal framleis ville vere ein attraktiv arbeidsplass og utviklinga av Hauge-senteret skal ikkje svekkje Aasen-tunet. Omorganiseringa kan også frigjere noko tid og krefter for direktøren til beste for nynorsken.

2.2 Bygningar og uteområde

Ansaret for å forvalte ulike bygningar og uteområde ligg til dei ulike driftsavdelingane, ikkje til fellesavdelinga.

2.3 Forankring

Fellesavdelinga arbeider særleg med den nasjonale og internasjonale forankringa av verksemda i Nynorsk kultursentrum.

2.4 Organisering

Fellesavdelinga hadde ved utgangen av året ein fast tilsett, direktøren. I tillegg er 25 % av stillingane administrasjonssekretær og kommunikasjonsrådgivar knytt til denne funksjonen.

Direktøren oppretta frå hausten 2011 ei leiargruppe der dei to daglege leiarane også er med.

2.5 Innhald

Fellesavdelinga dekkjer alle fellesfunksjonar i Nynorsk kultursentrum, førebur alle møte i styre og råd, samordnar verksemda i driftsavdelingane, driv strategisk utvikling og leier det språkpolitiske arbeidet i institusjonen.

Avdelinga organiserte i 2012 fagleg studietur til Barcelona 30.8. – 2.9. for alle fast tilsette. Tuen blei gjennomført med grunn-

finansiering frå arbeidsgivaren, tilskot frå OU-fondet i Virke og eigendel for deltakarane. Deltakarane skreiv fagnotat etter turen som blei samla i rapporten *Gatelangs i språket*. Turen gav både svært nyttig kunnskap og nye perspektiv på den norske språksituasjonen.

Det viktigaste faglege bidraget i 2012 var årstale nr. 12 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, og utgivinga av dei 12 årstalane i boka *Draumen om målet*.

I januar 2012 tok vi kontakt med utgiveren av mobilapplikasjonen Wordfeud om nynorskversjon. Fleire følgde opp, og nynorskversjonen blei lansert i august.

I februar 2012 laga vi ein omfattande politisk argumentasjon om opplæringspolitikk for nynorsk til bruk i alle dei politiske partia.

Den 10.9. kunngjorde olje- og energiminister Ola Borten Moe at Gaupne-feltet i Nordsjøen blir døypt om til Ivar Aasen-feltet. Vi hadde hatt kontakt med regjeringsmiljøet om namngiving av oljefelt sidan oktober 2011. Det norske oljeselskap eig 30 % av Ivar Aasen-feltet og skal vere drivarselskapet.

Saman med Språkåret 2013 gjennomførte vi i desember 2012 ei spørjeundersøking i regi av MMI om synet på Ivar Aasen, den norske språksituasjonen og om eigen bruk av skriftspråk. Resultata blir offentleggjorde i 2013. Undersøkinga blir gjennomført på ny i november 2013.

Det daglege arbeidet var prega av omfattande deltaking på møte og seminar med mange foredrag også i 2012.

2.6 Høyringsfråsegner

Nynorsk kultursentrum sende i 2012 tre høyringsfråsegner. Desse handla om utgreiingar om språk- og litteraturpolitikk i bokbransjen, kunnskapsbasert kulturpolitikk og regional kulturplan for Hordaland. I tillegg skreiv vi brev til kontroll- og konstitusjonskomiteen i Stortinget med argument for at Grunnlova blir omsett til moderne nynorsk og bokmål.

Brev og fråsegner var handsama i styret.

2.7 Årets nynorskbrukar

Prisen «Årets nynorskbrukar» blei i 2012 delt ut for 13. gong. Prisen gjekk til journalistane *Ingvild Bryn*, Oslo, og *Arill Riise*, Ålesund, for utsøkt språkrøkt og framifrå bruk av normert nynorsk i moderne nyheitsjournalistikk i radio og fjernsyn.

Prisen – 40 000 kroner til kvar, diplom og eit grafisk blad av Arne Nøst – blei overrekt av styreleiar Reidar Sandal under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 28.6.

3 Ivar Aasen-tunet

Ivar Aasen-tunet minka driftsinntektene med 1 % frå 14,2 millionar kr i 2011 til 14,1 millionar kr i 2012. Drifta gav eit resultat på 501 000 kr, mot 288 000 kr året før.

Den økonomiske utviklinga er utdjupa i kap. 16.

3.1 Mål og strategi

Ivar Aasen-tunet er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur, og eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Rekna i tal tilsette er Ivar Aasen-museet det største litterære museet i landet, og vi er framleis det einaste språkmuseet i Norden.

Ivar Aasen-tunet er både arkiv, bibliotek og museum, produserer utstillingar og utviklar eit breitt kulturprogram, driv Dei nynorske festspela og fleire nettstader, har kafé og butikk som ein svært viktig del av publikumstilbodet, som også femner om mange andre tenester.

Dokumentasjonssenteret har to hovudoppgåver: ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden aasentunet.no.

Ivar Aasen-tunet skal vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtilitt. Verksemda følgjer den strategien som er nedfelt i visjonsdokumentet, sjå kap. 2 i styrets årsmelding.

3.2 Bygningar og uteområde

Nynorsk kultursentrum eig fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byr på ein autentisitet som gjer sterkt inntrykk på mange.

Hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet er heidra med A. C. Houens fonds diplom for framifrå byggjekunst. Dette er ein av dei vakraste og mest særmerkte bygningane i landet, med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn blei prioritert høgt også i 2012.

Behovet for fleire kontorarbeidsplassar auka også i 2012 med Språkåret 2013 som ny leigetakar. Difor gjennomførte vi ei større ombygging av Galleriet. Med nytt golv, lyd-dempande plater på vegg og i tak og ventilasjonsanlegg, er Galleriet blitt eit godt kontorbygg med tre kontorplassar, kopirom og møterom. Språkåret flytta inn 26.11. og held til der ut februar 2014. Etterpå vil denne bygningen bli brukt til både galleri som før og til utleige til mindre møte.

Ombygginga er gjort i samråd med fylkeskonservator og etter deira krav. Både i ombyggingssaka og i andre spørsmål om utbetring og vedlikehald hadde vi også dette året god kontakt med arkitektfirmaet Hille & Strandskogen, dei nærmaste medarbeidarane for Sverre Fehn då Ivar Aasen-tunet blei forma 1996–2000. Samarbeidet sikrar at særtrekka i tunet blir førte vidare og ikkje skip-la.

Hausten 2012 utbetra vi også golvet i Stabburet, som truleg blei bygd seint på 1700-talet. Arbeidet blei utført etter retningslinjene for antikvariske bygningar. I 2013 kan Stabburet dermed opnast for publikum.

3.3 Forankring

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær kontakt med desse. Ivar Aasen-tunet samarbeider både med kommunar, skular og næringsliv i begge vertskommunane, og det er tydeleg at mange ser på Ivar Aasen-tunet som ein viktig institusjon.

Nasjonalt har verksemda i Ivar Aasen-tunet vunne tillit og respekt, og Ivar Aasen-tunet er blitt ein nasjonal institusjon. Institusjonen er blitt ein stad å vende seg til med fagspørsmål, lån av utstillingar, erfaringsutveksling og språk- og litteraturpolitisk dokumentasjon.

3.4 Organisering

Ivar Aasen-tunet hadde ved utgangen av 2012 ti fast tilsette – dagleg leiar, fire kultur-faglege og fem driftsfaglege medarbeidarar.

3.5 Innhald

Verksemda er utdjupa i kap. 8–14.

4 Olav H. Hauge-senteret

Olav H. Hauge-senteret auka driftsinntektene med 56 % frå 1,5 millionar kroner i 2011 til 2,4 millionar kroner i 2012. Drifta gav eit resultat på 263 000 kroner, mot 102 000 kroner i 2011.

Den økonomiske utviklinga er utdjupa i kap. 16.

4.1 Mål og strategi

Olav H. Hauge-senteret er eit dokumentasjons- og formidlingssenter for Olav H. Hauge sitt liv og verk, og eit senter for lyrikk i alle former. Det finst i dag ikkje noko liknande senter for denne litterære sjangeren i Noreg. Eit langsiktig mål er å gjere haugesenteret.no til den viktigaste nettstaden for lyrikk.

Olav H. Hauge-senteret blir både eit fysisk anlegg i heradshuset i Ulvik og eit digitalt tilbod på haugesenteret.no. Senteret skal huse basisutstilling, temautstillingar, lyrikkbibliotek, gjenstandsmagasin og arkiv, særleg med materiale av og om Hauge, gi ulike formidlingstilbod, gjennomføre arrangement og drive museumsbutikk.

Verksemda følgjer den strategien som er nedfelt i visjonsdokumentet, sjå kap. 2 i styrets årsmelding.

Fundamentet for senteret er å dokumentere og formidle Hauges liv og verk, mellom anna ved å samle og organisere tekstar av og om Hauge og å gjere desse tilgjengelege for allmenta og for vitskapen. Senteret skal gi eit godt tilbod til dei som er interesserte i lyrikk og gjere lyrikk tilgjengeleg for dei som ikkje kjenner så godt til denne sjangeren.

4.2 Bygning og uteområde

Olav H. Hauge-senteret leiger delar av det gamle heradshuset i Ulvik sentrum frå Ulvik herad, som sjølv dekkjer husleiga.

Senteret disponerer førebels om lag 150 m², av desse kan om lag 100 m² nyttast til utstillingar og anna formidling, medan resten går med til drift og kontor. I tillegg deler Hauge-senteret eit fellesareal på 330 m² med andre leigetakarar, medrekna heradsstyresalen som kan nyttast til møte og arrangement.

Det arbeidet vi sette i gang hausten 2011 om meir plass i heradshuset, heldt fram i 2012.

4.3 Forankring

Olav H. Hauge-senteret har god kontakt og godt samarbeid med Ulvik herad som er villige til å satsa på oppbygging og utvikling av senteret. Det er også etablert samarbeid med Hordaland fylkeskommune og med andre museumsinstitusjonar i Hordaland. I tillegg samarbeider senteret med Venelaget Olav H. Hauge og Olav H. Hauge-stiftinga, som begge har gjort eit verdfullt arbeid med å vinne tilslutning og leggje til rette for realisering av ideen om Olav H. Hauge-senteret.

4.4 Organisering

Olav H. Hauge-senteret hadde ved utgangen av 2011 tre fast tilsette – dagleg leiar (tek til 1.3.2013), dokumentasjonsansvarleg og administrasjonssekretær.

Styret oppnemnde i 2011 ei utstillingsgruppe og eit fagråd for Olav H. Hauge-senteret, begge for tidsrommet 2011-2014. Utstillingsgruppa og fagrådet hadde kvar sine to møte i 2012.

4.5 Innhald

Verksemda er utdjupa i kap. 8–14.

5 Vinjefondet

Vinjefondet fekk i 2012 530 000 kroner i friske midlar og brukte i alt 667 000 kroner.

Styret i Nynorsk kultursentrum løyvde 600 000 kroner til to prosjekt. I tillegg blei det utbetalt 150 000 kroner til eitt prosjekt som var sett i gang i 2011. Av samla kostnader utgjorde administrasjonskostnadene 67 000 kroner, eller 10 %.

Eit overforbruk på 3700 kroner blir balansert i 2013.

5.1 Mål og retningslinjer

Vinjefondet skal styrkje nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar.

Fondet skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, vere med og gjere nynorsk til eit sjølvstøtt språk i alle typar media, og stimulere utgivarar og redaktørar til å engasjere og tilsetje fleire nynorskbrukarar i ulike media.

Styret vedtok hausten 2009 retningslinjer som Kultur- og kyrkjedepartementet godkjende og som gjeld frå 1.1.2010. Departementet skal godkjenne eventuelle seinare endringar. Retningslinjene blir vurderte i 2013.

5.2 Organisering

Styret i Nynorsk kultursentrum svarar for bruken av midlane.

Av praktiske grunnar var ikkje fagrådet for Vinjefondet i funksjon i 2012. I staden dekte fagrådsleiar Magni Hjertenes Flyum den funksjonen fagrådet skal ha.

Fellesavdelinga la til rette for fagråd og styre.

5.3 Tildelingar

Midlar frå Vinjefondet blei lyste ut 24.9.2012. Det kom inn fire søknader frå fire fylke med

ein samla søknadssum på 1,4 millionar kroner, mot seks søknader på til saman 1,5 millionar kroner i 2011.

Etter innstilling frå fagrådet løyvde styret i Nynorsk kultursentrum 600 000 kroner til to tiltak:

- Firda Media AS: 400 000 kroner til Nynorsk avissenter
- Bømlo-Nytt, Bømlo: 200 000 kroner til utvikling av nettavis

Frå og med 2010 har Vinjefondet no løyvt 1 845 000 kroner til åtte prosjekt.

6 Allkunne AS

Driftsinntektene var på 2,1 millionar kr, mot 3,2 millionar kr året før. Eingongshonorar til forfattarar, fagkonsulentar, omsetjarar og språkrettarar utgjorde 696 000 kr. Drifta gav eit underskot på 347 000 kroner. Ubrukte midlar på 319 000 kroner frå tidlegare år blei overførte til 2013.

Ved utgangen av året hadde Allkunne publisert 8365 artiklar, mot 2199 ved utgangen av 2011. 1670 artiklar var originalskrivne for Allkunne, medan 6695 var omsette frå Caplex, mot 1670 og 856 i 2011.

Bruken auka med 40 % frå 54 533 unike brukarar i 2011 til 76 092 i 2012.

Ein strategiprosess som eigarane tok initiativet til i november 2011 enda med at Nynorsk kultursentrum kjøpte Samlags-aksjane i selskapet. Kulturdepartementet blei haldne godt orienterte om denne prosessen.

Frå 27.6.2012 var Allkunne AS eit heileigd dotterselskap i Nynorsk kultursentrum. Etter nødvendige vedtektsendringar er styret i Nynorsk kultursentrum også styre for Allkunne AS.

Dagleg leiar var Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, og Stina Aasen Lødemel var prosjektmedarbeidar.

I redaksjonen sat Ottar Grepstad (hovudredaktør), forfattar og historikar Aina Basso (til 1.6.), frilansjournalist og realvitar Kjerstin Gjengedal, bibliotekar Kirsti Langstøyl (til

1.6.), lektor Vibeke Lauritsen og sjefredaktør Sverre Tusvik (til 1.6.).

Redaksjonen arbeidde særleg med redaksjonell utvikling, vurdering av manuskript, innhaldsutvikling og strategiske prioriteringar.

7 Språkåret 2013

Driftsinntektene var på 1,4 millionar kroner, mot 511 000 kroner året før. 137 000 kroner i ubrukne midlar blei overførte til 2013.

Styret leverte prosjektplan og prosjektbudsjett til Kulturdepartementet 31.1.2012 på grunnlag av framlegg frå styringsgruppa og prosjektleiaren.

Prosjektleiar for Språkåret 2013 blei tilsett frå 29.6, og frå 5.11. var dei tre medarbeidarane i sekretariatet på plass.

Over statsbudsjettet for 2012 og 2013 løyvde Kulturdepartementet 6 507 000 kroner til vidare gjennomføring av Språkåret 2013.

7.1 Bakgrunn

Ideen om Språkåret 2013 har vore under utvikling i Nynorsk kultursentrum sidan 2002.

Bakgrunnen er 200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet for Det Norske Teatret i 2013r. 2013 er ein eineståande sjanse for Nynorsk kultursentrum og Det Norske Teatret til å gjennomføre eigne planar på eigne premisser, med eit minimum av ekstrainsats gi dette dobbeltjubileet ein høg, raus himmel, og å tilføre meirverdi til språksamfunnet Noreg.

7.2 Mål og strategi

Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok desse måla for Språkåret 2013 i styremøte 27. januar 2012.

1. Skape større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept for den språkdelte norske kulturen.
2. Gjere også bokmålsbrukarane stolte av den nynorske skriftkulturen.

3. Få fram meir kunnskap om og skape større respekt for urfolkspråk, minoritetspråk, innvandrarspråk og teiknspråk.
4. Setje den norske språksituasjonen inn i internasjonale og samanliknande perspektiv.
5. Skape breiare kontakt mellom språkpolitiske aktørar med felles interesser på tvers av språkgrenser og etnisitet.

7.3 Organisering

Jens Kihl var engasjert som prosjektleiar for utviklingsprosjektet fram til 15.1.2012. Ei styringsgruppe på ni medlemmer under leiing av Grete Riise la saman med prosjektleiar fram forslag til prosjektplan og prosjektbudsjett 14.1.2012.

Styringsgruppa gjekk inn for at Nynorsk kultursentrum skulle ha ansvaret for organisering og drift, med styret i Nynorsk kultursentrum som øvste organ. Styret takka ja til å ta på seg denne oppgåva.

Styringsgruppa gjekk også inn for å legge sekretariatet for Språkåret 2013 til Ivar Aasen-tunet. Styret slutta seg til dette.

Denne organiseringa føresette at Språkåret 2013 blir eit sjølvstendig tiltak, klart skild frå verksemda elles i Nynorsk kultursentrum.

Språkåret 2013 fekk i 2012 eit sekretariat på tre personar – prosjektleiar, produsent og prosjektsekretær. Inger Johanne Sæterbakk blei tilsett som prosjektleiar frå 29.6., Bente Lothe Eldholm prosjektsekretær frå 1.9. og Jannicke Velsvik som produsent frå 5.11. Prosjektleiaren delte arbeidstida si mellom Ørsta og Oslo.

Styret vedtok i 2012 mandat og grunnlag for ei referansegruppe for Språkåret 2013. Denne kom ikkje i arbeid i 2012.

7.4 Innhald

Prosjektplanen av 31.1. blei oppdatert 10.8. Planen legg til grunn at Språkåret 2013 skal bli ei raus, inkluderande og samlande feiring av språklege skilnader og språkleg mangfald. Alle har eit språk, og Språkåret vender seg til alle. Språkåret 2013 skal vere eit allspråkjubileum på nynorsk grunn.

Med Språkåret 2013 blir for første gong også bokmålet feira nasjonalt, saman med samiske språk, historiske minoritetsspråk og nye innvandrarspråk.

Språkåret 2013 er året som aldri sluttar – det går berre over i ei anna form. Med sitt perspektiv på samspelet mellom språk og demokrati vil Språkåret gå saum-laust over i Grunnlovjubileet 2014.

I Språkåret 2013 skal kven som helst kunne gjere kva som helst. Ingen sentrale organ overprøver form eller innhald.

Fundamentet for aktiviteten blir sju basisarrangement over heile landet gjennom året:

- Opning i Kristiansand 2.1.
- Folkefest i Bergen 15.–16.3.
- Dei nynorske festspela i Ørsta og Volda 27.–30.6.
- Ivar Aasens fødselsdag 5.8. (heile landet)
- Folkefest på Det Norske Teatret i Oslo 6.10.
- The Tromsø Conference on Language Diversity 6.–8.11.
- Avslutning i Ivar Aasen-tunet 6.12.

Styret vedtok i desember å opprette ei støtteordning for lokale prosjekt på inntil 600 000 kr.

På eige initiativ løyvde Fritt Ord 2,2 millionar kroner til bibliotek til formidlingstiltak om nynorsk litteratur i Språkåret 2013.

Prosjektplanen blei svært godt motteken, og utover hausten var det ein sydande aktivitet. Sekretariatet gjennomførte møte med 80 ulike aktørar, og oppretta kontakt via e-post og telefon med 70 andre aktørar. Blant desse er representantar for ulike organiserte språkmiljø. Prosjektleiaren prioriterte konsekvent andre miljø enn dei nynorske for å sikre brei deltaking.

7.5 Kommunikasjon

Etter ein lukka konkurranse fekk Tank design i Tromsø oppdraget med å utvikle logo og profilprogram. Styret godkjende dette programmet i møte 26.9.

Sekretariatet sende 23.8., 15.10. og 3.12. ut tre nummer av nyheitsbrev frå Språkåret 2013.

Nettside og kontoar i sosiale medium blei lanserte 2.12., ein måned før den offisielle opninga av Språkåret 2013.

8 Samling, dokumentasjon og formidling

Samlingane auka med 6 % frå 75 302 gjenstandar i 2011 til 79 946 gjenstandar i 2012. Av dette utgjorde kulturhistoriske gjenstandar 68 %, fotografi 31 % og kunsthistoriske under 1 %.


Eit meir systematisk arbeid med samlingsforvaltninga viste att: 33 % av samlingane våre var tilfredsstillande registrerte i 2012, mot 23 % året før.

Vi hadde 20 eigne forskings- og dokumentasjonsprosjekt i arbeid i eigen regi.

Tilsette og styremedlemmer var representerte på 201 møte og tilstellingar, mot 165 året før – sekretariatet i Språkåret 2013 medrekna. Tilsette publiserte 38 bøker, artiklar, skrifter og foredrag, mot 56 året før.

Direktøren heldt årstale nr. 12, *Draumen om målet*. Denne blei framført ved lanseringa av boka med alle dei 12 årstalanane 26.9.

Figur 3. Representasjon og foredrag 2008-2012



Dokumentasjons- og formidlingsarbeidet var svært utoverretta også i 2012, og vi var involverte fleire stader og i fleire prosjekt enn nokon gong før.

I 2012 tok Kulturrådet Ivar Aasen-arkivet teke med blant dei 51 første elementa i «Norges dokumentarv», ein del av UNESCO-programmet for verdsminne.


Tilsette representerte ved 179 møte og tilstellingar, mot 165 året før, jf. figur 3.

8.1 Samlingsforvaltning

Samlingane aukar jamt og trutt, jamfør avsnitt éin ovanfor. Det er likevel ei utfordring å halde orden, når ein ønskjer å bruke ressursar på mange andre prosjekt. Veksten i gjenstandar skriv seg frå digitale foto, som vi fekk 4236 fleire av i 2012. Bruksfoto for marknadsføring er ikkje rekna med.

Det er likevel sannsynleg at talet kjem til å gå ned. Det er blitt oppretta eit eigen mappestruktur for foto som skal registrerast i Primus, der dei historiske fotoa har unike nummer. Det er dette talet som vil gjelde når vi har fått overført det meste dit. Oppgåva krev svært mykje tid.

Figur 4. Gjenstandar i alt 2008–2012



Omgrepet *gjenstandar* er brukt om tilvekst av trykte skrifter, arkivmateriale, audiovisuelle medium, tradisjonelle gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Av samlingane totalt var 17 151 gjenstandar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, mot 16 906 i 2011. Det inneber at 21 % av samlingane var tilfredsstillande registrerte, mot 23 % førre år.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Samlinga av kulturhistoriske gjenstandar auka totalt med 408 gjenstandar, mot 140 året før. 375 trykte skrifter og 36 av-medium utgjorde tilveksten. Det var ingen tilvekst i arkiva, utanom uordna materiale i artikkelarkivet. Derimot fekk vi 20 historiske foto frå Møre folkehøgskule, monterte på to plater sett i ramme.

Biblioteket kjøpte i 2012 inn 113 trykte skrifter, cd-ar dvd-ar og abonnerte på 59 tidsskrift og årbøker. Frå bibliotek, privat-personar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk vi 259 trykte skrifter i gåve.

Biblioteket hadde totalt 501 utlån i 2012 mot 250 i 2011. Samlingane våre blei brukte av tilsette og i samband med utstillingar, og vi hadde i tillegg utlån og sende kopiar til andre bibliotek. Det var også eksterne brukarar som kom til Aasen-tunet for å bruke samlingane på staden.

Bibliotekdelen av samlingane er blitt registrert i BIBSYS-basen sidan 2001. Ny tilvekst som innkjøp og gåver blir jamleg registrert, og den prioriterte delen av Djupedal-samlinga faglitteratur, periodika, særprent og småtrykk er ferdig registrert. Totalt 8615 eksemplar i Djupedal-samlinga var å finne i BIBSYS ved utgangen av 2012.

I tillegg kom 5852 trykte skrifter og av-medium som utgjør tilveksten til samlingane elles sidan 2001. Med 505 nye titlar som blei katalogiserte i 2012, hadde vi i alt 14 497 titlar i BIBSYS per 31.12.2012.

Arkivmateriale blir det brukt lite tid på å registrere. Vi har ikkje arkivprogrammet ASTA, og har førebels ikkje tenkt å skaffe det.

Samlinga av tradisjonelle gjenstandar skal registrerast i dataprogrammet PRIMUS. No er kjernen i Aasen-samlinga registrert, men mykje arbeid står att.

Av plassgrunnar fører vi ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Vi tok ikkje imot større samlingar eller arkiv i 2011.

Kulturrådet presenterte 8.2.2012 dei 51 første av 100 bidrag til «Norges dokumentarv». Dette er ein del av UNESCO-programmet for verdsminne. Arkivet etter Ivar Aasen er blant dei 51 første bidraga. Om dette arkivet skriv Kulturrådet: «Arkivet dokumenterer arbeidet til en person med en viktig plass i norsk språkhistorie. Det blir også tillagt vekt at Ivar Aasen hadde en rolle utover det rent språklige, han var med og dannet grunnlaget for en norsk nasjonalitetsfølelse. Arkivet som helhet er en viktig kilde

til norsk vitenskapshistorie, et nærmest komplett forskerarkiv fra ca. 1840 og framover. Arkivet etter Ivar Aasen blir en del av Norges dokumentarv.»

Samlingane i **Ivar Aasen-tunet** er sett saman av eigne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

Ivar Aasen-samlinga: 228 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Revidert og fullstendig katalog for boksamlinga er i arbeid og blir publisert på nettstaden i 2013. Då vi tok over Ivar Aasen-museet i 2000, deponerte Sunnmøre Museum Aasen-samlinga for fem år i Ivar Aasen-tunet. Vi tok i 2005 initiativ til avtale om permanent overføring. Dette blei følgt opp av Sunnmøre Museum først i 2009, og av praktiske grunnar blei det då gjort ein ny deponiavtale.

Reidar Djupedal-samlinga: Samlinga på 34 500 band inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika frå ulike fagområde, mest språk- og litteraturvitskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisk. Rundt 19 400 band av desse er registrerte. I tillegg kjem 22 kartongar med aviser, blad og avisclipp.

Sivert Aarflot-arkivet: over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet har vore deponert i Ivar Aasen-tunet, og var avtalefesta fram til 2005. Dette blir følgt opp i 2013.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Samlinga er ordna alfabetisk i tre kategoriar: skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent, og inneheld også avisclipp. Deponiavtalen gjekk ut i 2010, og spørsmålet om deponering av den andre delen av samlinga skal avklarast i 2013.

Arkiv for norsk målreising: Peder Hovdans arkiv med 153 arkivboksar med avisclipp og noko anna materiale i ganske ordna former,

og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjesokn fram til om lag 1950. Det Norske Samlaget eig arkivet, som har vore deponert her sidan hausten 2005. Arkivet blir ordna av oss når vi har kapasitet, og det er aktuelt å skanne ein del avisklipp.

Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005: 155 kassetar og permar.

Medieklipp: Vi slutta å arkivere papirklipp våren 2005 og gjekk over til digital klippteneste som også i 2012 blei levert av Retriever. Artikkellarkivet blei formelt nedlagt frå 1.1.2010, men vi tek likevel vare på klipp vi kjem over.

Olav H. Hauge-senteret har førebels lite eige materiale.

Olav H. Hauges boksamling er registrert i Micromarc av Ulvik folkeboksamling og tel 6237 eksemplar. Olav H. Hauge-stiftinga eig samlinga, som inntil vidare står på Rossvoll, bustaden til Olav H. Hauge.

Sidan opninga i 2011 har Hauge-senteret fått inn ein del Hauge-relatert materiale, til dømes bøker, notatbøker, fotografi og kopiar av brev skrivne av Hauge. Dette blir registrert i 2013.

Vi skaffa ein god del fotografisk materiale i løpet av 2012. Bodil Cappelen har gitt store delar av si private fotosamling til Hauge-senteret, og til no er 105 av desse bileta digitaliserte. Mesteparten av dette er fotografi frå 1970- og 80-åra som ikkje har vore offentliggjorde før. I tillegg har vi fått ein heil del originalar av tidlegare publiserte bilete.

8.2 Jon Fosse-arkivet

Styra i Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum vedtok å arbeide vidare for å realisere planane for Jon Fosse-arkivet, og utnemnde i 2008 representantar til eit interimstyre med Ottar Grepstad frå Nynorsk kultursentrum som leiar.

Arbeidet held fram i 2013.

8.3 Innkjøpte kunstverk

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt opp ei kunstsamling. I 2012 kjøpte vi ingen kunstverk. Ved utgangen av året eigde vi 47 biletkunstverk.

8.4 Sikring og bevaring

Arbeidet blei følgt opp på grunnlag av *Sikrings- og bevaringsplan nr. 3 2010–2012*. Prioriterte sikrings- og bevaringstiltak blei gjennomførte. I 2010 laga vi ein plan for renovring av gjenstandsmagasinet i Ivar Aasentunet. Denne føreset tilskot frå Kulturrådet i tillegg til eigenfinansiering.

8.5 Dokumentasjon og forskning

Nynorsk kultursentrum arbeidde i 2012 med 20 eigne dokumentasjons- og forskningstiltak, mot 12 i 2011. Fleire av desse resulterte i publikasjonar i 2012, og fleire blir avslutta i Språkåret 2013.

Grunnlaget for arbeidet var *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2012–2014*, vedteken i styret 5.6.2012. Frå no av er Olav H. Hauge-senteret integrert i planen.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepet *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. Vi legg som før vår eigen definisjon til grunn: "Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse".

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forskning lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitenskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjon femner såleis også om organisering og innsamling, ikkje berre bearbeiding.

Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølv eller av utanforståande.

Lista yver Ivar Aasen-boksamlingi (frå 1946): Vi har byrja arbeidet med å få publisert lista over bøkene til Ivar Aasen, som blei laga av fakultetsbibliotekar Kaare Haukaas i si tid. Lista er digitalisert og klar for publisering.

Språkfakta 2013 (frå 1998): Denne dokumentasjonen av Ottar Grepstad er truleg den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Arbeidet har resultert i publikasjonane *Språkfakta Sogn og Fjordane 1616–2012* (2012), *Språkfakta 2010* (e-bok 2010), *Nynorsk faktabok 1998* og *Nynorsk faktabok 2005*, dessutan «Lommefakta om språk» i *Ivar Aasen-almanakken 2010–11*. Dokumentasjonen femner om alt språk i Noreg og ein del språk i Norden, Europa og andre verdsdelar. Grunnlaget for neste publikasjon *Språkfakta 2013* blei lagt i 2012.

Nynorskbasen (frå 2001): Som ein del av arbeidet med det prosjektet som i 2008 fekk namnet *Allkunne*, har vi sidan sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*. Dette er ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2012 var det registrert informasjon om 3606 personar. Dette året blei det ikkje prioritert å oppdatere dette dokumentet. 16 % av personane i basen var kvinner. Meir utførleg biografisk informasjon ligg føre om 2831 personar, for intern bruk. Allkunne har teke over materialet for vidare oppdatering.

Nettbiblioteket (frå 2001), frå 2009 *Litteratur*, er den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk og dialekt frå fleire hundreår. Eit delprosjekt er

i arbeid med mål om å gjere fleire litterære samtidstekstar tilgjengelege. Om lag 30 forfattarar eller etterkomarane deira blir spurde om løyve til å publisere utvalde tekstar og tekstutdrag.

Nynorske dikt og songar (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving.

Artikkelarkivet (frå 2001). Dette arkivet inneheld avis- og medieklipp på papir, mest om enkeltpersonar, men også noko om institusjonar og hendingar. Frå og med 1.1.2011 blir arkivet ikkje bygt systematisk ut vidare, men får tilfeldig tilvekst. Dette har frigjort arbeidstid, men også gjort det vanskelegare å halde aktualitetshylla i basisutstillinga a jour og kan påverke arbeidet med nye tema-utstillinger.

Ivar Aasen-bibliografi (frå 2002): Ein bibliografi over skrifter av og om Ivar Aasen (frå 1841–2002) er publisert på aasentunet.no. Bibliografien blir jamleg oppdatert. I 2012 utarbeidde vi ein komplett bibliografi over publiserte tekstar av Ivar Aasen. Denne blir publisert i 2013.

Det nynorske Noregskartet (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar, nynorsk liturgi, Nynorsk Salmebok, vedtak om tenestemål og målform på informasjon frå Postverket.

Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen" (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet. Delar av materialet blir publisert i 2013.

Historia om Ivar Aasen-museet (frå 2003): Vidare dokumentasjon blei samla inn også i 2012.

Digitalisering av Fedraheimen (frå 2005): I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å publisere dei 14 årgangane av Fedraheimen i latinsk fulltekst på Internett.

Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar. Prosjektet byggjer på eit nært samarbeid med Norsk Ordbok 2014, som har stått for digitalisering og korrektur, medan vi legg til rette for brukarvennleg publisering. I 2012 publiserte vi heile 1707 artiklar frå årgangane 1884, 1885 og 1886. 1885-årgangen åleine utgjer 1282 artiklar.

Historia om Ivar Aasen (frå 2009): Gjennom årlege foredrag under Dei nynorske festspela 2009 – 13 legg vi fram ny kunnskap om og fleire perspektiv på Ivar Aasens liv og verk. Desse foredraga blir ein del av grunnlaget for ei folkebok om Ivar Aasen i 2013.

Olav H. Hauge-relatert materiale (frå 2010): Forprosjektleiar Guro Ljone fullførte i 2011 ein omfattande dokumentasjon av *Olav H. Hauge-relatert materiale* som blir oppdatert jamleg og vere til stor nytte i det vidare arbeidet.

Digitalisering av avisårgangar (frå 2011): I samarbeid med Senter for Digitalisering av Kulturven i Ålesund skanna vi i 2011 svært mykje avismateriale – alle årgangane av *Fedraheimen* 1877–91, dessutan årgangar av *Nynorsk Vekeblad*, *Dølen*, *Den 17de Mai*, *Nordmannen*, *Vestmannen*, og *For Bygd og By*. Delar av dette materialet blei publisert på aasentunet.no i 2012.

Språksansen. Store og små historier dag for dag om all verdas språk (frå 2011): Historier om hendingar i og med språk blir knytte til kvar einaste dag gjennom året. Stoffet blir publisert i digitalt format og som bok i 2013.

Brev til Ivar Aasen (frå 2011): 209 brev skrivne til Ivar Aasen er blei digitaliserte av Eirik Helleve. Dette er nokom under halvparten av alle breva til Ivar Aasen som ligg i Nasjonalbiblioteket. Dei transkriberte breva blir publiserte på aasentunet.no i 2013.

Ivar Aasens bøker (frå 2012): I mai 2012 skanna vi eit utval bøker frå Ivar Aasen-boksamlinga. Målet er å gjere desse bøkene tilgjengelege for publikum gjennom digitale trykkskjermer.

Hauge-arkivalia (frå 2012): Hauge-senteret arbeider systematisk med å få oversyn over arkivmateriale ved andre institusjonar, særleg det som ligg i Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen. I 2012 digitaliserte vi nær 1600 sider frå kladdebøker og manusbunkar frå dette materialet. Her finst tidlege versjonar av kjende dikt, upubliserte dikt, notatar og kladdar. Kladdebøkene er til hjelp i datering av enkelt dikt. Dei eldste papira er frå 1920-talet, dei nyaste frå 1980-talet.

Hauge-bibliografi (frå 2012): Arbeidet med denne tok til i 2012. Vi arbeider i første omgang systematisk med oversyn over alle Hauge-dikt som blei publiserte i periodika før debuten, både eigne dikt og gjendiktingar.

Draumen om målet. Årstale nr. 12 om tilstanden for nynorsk skriftkultur blei halden av direktør Ottar Grepstad 26.9. i Ivar Aasentunet. Talen var eit bidrag til eit paradigmeskifte i tenking om nynorsk og gav mellom anna ein ny argumentasjon for nynorsk ut frå perspektivet modernisering.

I 2012 var eitt eksternt forskings- og dokumentasjonsprosjekt i gang med utgangspunkt i samlingane våre.

Mastergrad i nynorsk skriftkultur (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både førelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side.

8.6 Foredrag og samtalar

Tilsette heldt i 2012 27 større foredrag og presentasjonar, mot 44 i 2011. Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manusskript.

Ottar Grepstad: «Senter og periferi». Foredrag på seminar om Sunde kyst- og litteratursenter under Kvinnherad kulturfestival på Sunde 18.2.

–: «Kvifor nynorsk? Nynorsk i eit kulturpolitisk perspektiv». Foredrag på seminaret «Nynorsk som sidemål – bidrag til språkleg

mangfald eller tidstjuv?» på Petter Dass-museet i Alstahaug 22.3.

–: «Ein kulturnasjon under press. Nynorsk-kulturens plass og moglegheiter». Opningsforedrag på konferansen «Eit nynorsk senter i Bergen» i Bergen 27.4.

–: Presentasjon av *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012* på politikardag på fylkestinget i Sogn og Fjordane i Loen 4.6.

–: «Dette veit vi, dette bør vi veit meir om». Innleiing på møte i ressursgruppa om nynorsk hovudmål i Kunnskapsdepartementet i Oslo 5.6.

–: «Språkgrenser, grensespråk og skriftkulturell identitet». Foredrag på «Fra katedral til salon – om sprog og identitet i grænselandet», Nordisk Sommerkursus på Sandbjerg gods, Sønderjylland i Danmark 31.7.

–: «Internasjonale og demokratiske perspektiv på nynorsk». Foredrag på «Nynorsk? Ja, takk!», dagsseminar på Voss gymnas på Voss 13.9.

–: «Skriv nynorsk som før». Bakgrunn og innhald i 2012-normalen for nynorsk på «Nynorsk? Ja, takk!», dagsseminar på Voss gymnas på Voss 13.9

–: «Draumen om målet». Årstale nr. 12 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasen-tunet 26.9.

–: «Nynorsk – språk, varietet, målform? Faglege, historiske og politiske perspektiv». Foredrag på fagdag for masterstudentar ved Ivar Aasen-instituttet i Ivar Aasen-tunet 3.10.

–: «Frå forskning til politikk – dette skulle vi gjerne visst meir om». Innleiing på fagdag for masterstudentar ved Ivar Aasen-instituttet i Ivar Aasen-tunet 3.10.

–: Tale på takkefest for sjefredaktør Sverre Tusvik i Det Norske Samlaget i Oslo 25.10.

–: «Vilkår for norsk målreising 2012». Foredrag på leiartreningsseminar i Noregs Mållag i Oslo 27.10.

–: Festtale på 50-årsfest for Dag og Tid i Oslo 27.10.

–: «Vinje-jubileum og Vinje-senter sett frå Nynorsk kultursentrum som ståstad og samarbeidspart». Innleiing på seminar om

Vinje litteraturpark og Vinje-senter i Vinje 1.11.

–: «Språkåret 2013 - språkleg mangfald». Innleiing på seminar om Vinje litteraturpark og Vinje-senter i Vinje 1.11.

–: «Vilkår for norsk målreising 2012». Foredrag på Sunnmørsseminaret i Sunnmøre Mållag, Ulsteinvik 3.11.

–: «Språkfylket Sogn og Fjordane». Innleiing på konstituerande møte i Nynorsk forum i Sogn og Fjordane på Skei i Jølster 9.11.

–: «Nynorsk – ei historie med store perspektiv». Foredrag på fagdag for NRK Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 19.11.

–: Sametale med Gunnar Skirbekk i Ivar Aasen-tunet 21.11.

–: Presentasjon av *Draumen om målet* på bokkveld i regi av Førde Mållag og Naustdal Mållag i Førde 25.11.

– og Mari Olafson Lundemo: Presentasjon for Ulvik formannskap i Ulvik 25.1.

Eirik Bergesen Dalen: Presentasjon av Hauge-senteret, Olav H. Hauge-kveld på Voss bibliotek 26.4.

Laila Walseth Lid: «Kommunikasjonsarbeidet i Nynorsk kultursentrum». Presentasjon for førsteårsstudentar ved bachelorgradsstudiet i PR, kommunikasjon og media ved Høgskulen i Volda 17.8.

Ingrid Opedal: Innleiing på møte i Litteraturnettverket om museumsbutikker i Oslo 9.3.

Anders Aanes: «Kva seier tal om språk? Perspektiv på bruk av kvantitativ metode». Fagdag for masterstudentar ved Ivar Aasen-instituttet i Ivar Aasen-tunet 3.10.

–: «Omvisingar i Aasen-tunet». Visingslunsj for lokalt næringsliv og reiseliv i Aasen-tunet 20.11.

8.7 Bøker og andre skrifter

Tilsette publiserte 11 bøker og lengre signerte artiklar i aviser, tidsskrift og bøker, mot 12 i 2011.

Ottar Grepstad: *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*. E-bok 8.5.

–: *Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg*. Samlaget 2012 (526 sider)

–: Redaksjonelle bidrag til *Årets dager 2013. Bokklubbens almanakk 2013, 2012*
 –: «Skrift i leire». *Sverre Tusvik-effekten*, Det Norske Samlaget 2012
 –: «Grei ut om hesten og kvifor». *Dag og Tid* 13.1.
 –: «Den nynorske forteljinga». *Dag og Tid* 28.9.
 –: «Kaffi latte i Ulvik». *Bergens Tidende* 30.9.
 –: «Avisa som overlever alt». *Klassekampen* 22.10.
 –: «Dusinet fullt». *Norsk Tidend* november 2012
 –: «Rause Odd Monsson». *Minneord på aasentunet.no* 4.12.
 –: «Sju notisar om Dag og Tid». *Dag og Tid* 21.12.

8.8 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 191 eksterne tilstellingar, mot 165 året før. Av dette stod sekretariatet i Språkåret 2013 for 70 møte med aktørar og samarbeidspartar.

Stabsseminar i Bergen 12.–13.1.: alle fast tilsette

Premiere på «Det gode mennesket frå Sezuan» på Det Norske Teatret i Oslo 13.1.: Ottar Grepstad

Møte i fagrådet for Olav H. Hauge-senteret i Ulvik: Eirik Bergesen Dalen

Møte i Ulvik formannskap i Ulvik 25.1.: Ottar Grepstad. Mari Olafson Lundemo

Redaksjonsmøte i Allkunne i Ivar Aasen-tunet 26.1.: Ottar Grepstad

Møte med Kulturdepartementet om Språkåret 2013 i Oslo 31.1.: Ottar Grepstad

Møte med BUL i Oslo og Hotell Bondeheimen i Oslo 1.2.: Ottar Grepstad

Møte om Allkunne i Oslo 1.2.: Ottar Grepstad

Møte i Virke-museumsnettverk for direktørar på Elverum 2.–3.2.: Ottar Grepstad

Studietur til Hamsun-senteret på Hamarøy, Petter Dass-museet på Alstahaug og Rockheim i Trondheim 7.–10.2.: Gaute Øvereng, Mona Iren Auganæs, Marita Bett Jensen og Anders Aanes

Møte om Vinjefondet med Firda i Førde 8.2.: Ottar Grepstad

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 17.2.: Ottar Grepstad

Litteraturseminar under Kvinnherad kulturfestival på Sunde 18.2.: Ottar Grepstad

Samling i Litteraturnettverket på Lillehammer 23.–24.2.: Gaute Øvereng, Eirik Bergesen Dalen

Virke-kurs for verneombod i Oslo 27.–29.2.: Milan Ilic

Samling i Virke-museumsnettverket for reiseliv i Oslo 5.–6.3.: Laila Walseth Lid

Møte i Litteraturnettverket om museumsbutikkar på Ibsen-museet i Oslo 9.3.: Ingrid I. Opedal

Styremøte i Norske Festivaler i Stavanger 14.3.: Åshild Widerøe

Årskonferanse og årsmøte i Norske Festivaler i Stavanger 15.–16.3.: Åshild Widerøe

Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 15.3.: Ottar Grepstad

Fagdag for NRK Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 19.3.: Ottar Grepstad

Møte med samarbeidspartane i Møre og Romsdal fylkesbibliotek og Nynorksenteret om Nynorsk barnebokveke 19.3. i Ivar Aasen-tunet.: Mona Iren Auganæs, Åshild Widerøe.

Det 73.norske bibliotekmøte i Stavanger 21.–23. mars: Mona Iren Auganæs.

Seminar «Nynorsk som sidemål – bidrag til språkleg mangfald eller tidstjuv?» på Petter Dass-museet i Alstahaug 22.3.: Ottar Grepstad

Møte med Posten Noreg om frimerke i Språkåret 2013 i Oslo 30.3.: Ottar Grepstad

Møte om nynorsk med Sogn og Fjordane fylkeskommune i Førde 3.4.: Ottar Grepstad

Møte med delegasjon frå Lom, Skjåk og Vågå om diktarsenter i Lom i Ivar Aasen-tunet 11.4.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte med Kulturdepartementet om Språkåret 2013 i Oslo 12.4.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad

Årsmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 18.4.: Laila W. Lid

Årsmøte og fagdag for Musea i Møre og Romsdal i Molde 18.4.: Gaute Øvereng og Anders Aanes

Bruk av digitale verktøy i barnehagen, seminar, Ålesund 19.4.: Marita Bett Jensen

Møte i ressursgruppe for nynorsk hovudmål i Kunnskapsdepartementet i Oslo 20.4.: Ottar Grepstad

Avslutning av Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 i Oslo 25.4.: Ottar Grepstad

Opning av Sunnmøre kulturnæringshage i Volda 25.4.: Gaute Øvereng

Møte med Norsk kulturråd om Språkåret 2013 i Oslo 26.4.: Ottar Grepstad

Årsmøte i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget i Oslo 26.4.: Ottar Grepstad

Møte med hovedsponsor Sunnmørsposten i Ålesund 26.4.: Laila W. Lid og Gaute Øvereng

Konferanse om eit nynorsk senter i Bergen i regi av Kultur Vest i Bergen 27.4.: Ottar Grepstad

Møte med Vestnorsk filmsenter i Volda 27.4.: Gaute Øvereng og Anders Aanes

Møte med Det kgl. Norske Videnskabers Selskap om Språkåret 2013 i Trondheim 30.4.: Ottar Grepstad

Møte med Stiftelsen Horisont og Mela-festivalen om Språkåret 2013 i Oslo 2.5.: Ottar Grepstad

Møte om Allkunne i Kulturdepartementet i Oslo 2.5.: Ottar Grepstad

Møte i utstillingsgruppa for Olav H. Hauge-senteret i Ulvik 4.5.: Ottar Grepstad, Laila W. Lid, Eirik Bergesen Dalen

Presentasjon av «Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012» i Førde 8.5.: Ottar Grepstad

Møte med Firda om Vinjefondet i Førde 8.5.: Ottar Grepstad

Møte med Volda kommune, Den kulturelle skulesekken 2012/2013, 3.5.: Marita B. Jensen

Møte med vertskommunar og fylkeskommune om Ivar Aasen-tunet og Dei nynorske festspela i Ivar Aasen-tunet 16.5.: Gaute Øvereng, Åshild Widerøe, Laila W. Lid

Møte med Enger-utvalet i Kulturdepartementet i Oslo 18.5.: Reidar Sandal, Grete Riise, Georg Arnestad

Møte med Kvensk institutt og Halti kvenkultursenter om Språkåret 2013 i Børselv 21.5.: Ottar Grepstad

Møte med Samisk høgskole og Samisk nasjonalteater om Språkåret 2013 i Kautokeino 21.5.: Ottar Grepstad

Møte med Sametinget om Språkåret 2013 i Karasjok 22.5.: Ottar Grepstad

Møte med Universitetet i Tromsø om Språkåret 2013 i Tromsø 23.5.: Ottar Grepstad, Inger Johanne Sæterbakk

Møte med Ruijan Kaiku og Norske Kveners Forbund om Språkåret 2013 i Tromsø 23.5.: Ottar Grepstad, Inger Johanne Sæterbakk

Møte med Norsk Forfattersentrum om Språkåret 2013 i Tromsø 23.5.: Ottar Grepstad

Møte med Ørsta kommune, Den kulturelle skulesekken 2012/2013, 23.5.: Marita B. Jensen

Politikardag i Sogn og Fjordane fylkeseting i Loen 4.6.: Ottar Grepstad

Møte i ressursgruppa for nynorsk hovudmål i Kunnskapsdepartementet 5.6.: Ottar Grepstad

Møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune om Språkåret i Førde 18.6.: Ottar Grepstad

Møte med Firda om Vinjefondet i Førde 18.6.: Ottar Grepstad

Møte med Universitetet i Bergen om internasjonalt språksenter i Bergen 21.6.: Ottar Grepstad

Møte med Bergens Tidende om Hauge-senteret 21.6.: Ottar Grepstad

Møte med Hordaland fylkeskommune om internasjonalt språksenter og om Hauge-senteret i Bergen 21.6.: Ottar Grepstad

Møte i Nynorsk Forum i Ørsta 28.6.: Ottar Grepstad

Opning av kulturhuset Plassen i Molde 14.7.: Ottar Grepstad

Nordisk sommarkurs i regi av Nordspråk i i Sønderborg, Danmark 31.7.–2.8.: Ottar Grepstad

Widerøe-magasinet *Perspektiv* på reportasjesøk i Ivar Aasen-tunet 14.8.: Gaute Øvereng og Laila Walseth Lid

Lansering av Samlagets bokliste i Oslo 16.8.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Åshild Widerøe

Observasjon av skuleframsyninga *Lurivar og kjærleiken* på Det Norske Teatret i Oslo 21.8.: Marita Bett Jensen

Jordferd for Elna Rivedal frå Imsland kyrkje 24.8.: Ottar Grepstad

Møte i Sunnmøre kulturnæringshage om samarbeid mellom festivalane i Volda og Ørsta 29.8.: Gaute Øvereng

Studietur til Barcelona 30.8.–2.9.: alle fast tilsette

Møte i utstillingsgruppa i Olav H. Hauge-senteret i Bergen 4.9.: Ottar Grepstad

Møte med Hordaland fylkeskommune om internasjonalt språksenter og om Hauge-senteret i Bergen 4.9.: Ottar Grepstad

Møte med Universitetet i Bergen om internasjonalt språksenter i Bergen 4.9.: Ottar Grepstad

Opning av Garborgsenteret på Bryne 5.9.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Møte i programnemnda for Diktardagar i Lom i Lom 10.9.2012: Ottar Grepstad

Ope møte om diktarsenter i Lom i Lom 10.9.2012: Ottar Grepstad

Nynorskfag ved Voss gymnas 13.9.2012: Ottar Grepstad

Styremøte i Olav H. Hauge-stiftinga i Ulvik 13.9.: Ottar Grepstad

Deltaking i paneldebatt på «Nynorsk – eit moderne språk!» i regi av Voss gymnas på Voss 13.9.

Ulvik Poesifest i Ulvik 14. – 15.9.: Ottar Grepstad, Eirik Bergesen Dalen, Terje Hjartnes

Årsmøte i Venelaget Olav H. Hauge i Ulvik 15.9.: Terje Hjartnes

Møte i fagrådet ved Olav H. Hauge-senteret i Ulvik 17.9.: Eirik Bergesen Dalen

Møte i Forum for nynorsk i skulen i Oslo 24.9.: Ottar Grepstad

Møte i ressursgruppe for nynorsk hovudmål i Kunnskapsdepartementet i Oslo 25.9.: Ottar Grepstad

Rådsmøte i Nynorsk kultursentrum i Ivar Aasen-tunet 27.9.: Åshild Widerøe

Program for aspirantkurset i Utanriksdepartementet i Ivar Aasen-tunet 1.10.: Ottar Grepstad, Inger Johanne Sæterbakk, Gaute Øvereng

Fagdag for masterstudentar ved Ivar Aasen-instituttet i Ivar Aasen-tunet 3.10.: Ottar Grepstad og Anders Aanes

Fagdagar i Musea i Møre og Romsdal ved Sunnmøre museum i Ålesund 3.–4.10: Mona Iren Auganæs og Marita Bett Jensen

Møte i Virke-nettverk for museumsdirektørar i Bergen 15.–16.10.: Ottar Grepstad

Møte med aktuelle nettstadleverandørar i Aasen-tunet 15.10., 16.10. og 17.10.: Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid, Anders Aanes og Mona Iren Auganæs

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 17.10.: Ottar Grepstad

Samling nr. 9 i Litteraturnettverket på Bryne 18.–19.10.: Ottar Grepstad, Anders Aanes, Eirik Bergesen Dalen

Takkefest for sjefredaktør Sverre Tusvik i Det Norske Samlaget i Oslo 25.10.: Ottar Grepstad

Nynorsk-konferanse i Oslo 25. og 26.10.: Gaute Øvereng

Skuleringsseminar i Noregs Mållag i Oslo 27.10.: Ottar Grepstad

50-årsfest for Dag og Tid i Oslo 27.10.: Ottar Grepstad

Seminar om Petter Dass-dagene på Petter Dass-museet i Alstahaug 31.10.: Gaute Øvereng

Seminar om Vinje litteraturpark og Vinjesenter i Vinje 1.11.: Ottar Grepstad

Arbeidsmøte i Hanen i Ivar Aasen-tunet 1.11. Marita Bett Jensen og Milan Ilic

Kurs om festivaltryggleik i regi av Moldejazz i Molde 1.11.: Sigbjørn Mork

Skuleringsseminar i Sunnmøre Mållag i Ulsteinvik 3.11.: Ottar Grepstad

Møte i Ulvik Festivalutvikling i Ulvik 6.11.: Ottar Grepstad

Konstituerande møte i Nynorsk forum i Sogn og Fjordane på Skei i Jølster 9.11.: Ottar Grepstad

Møte med Fredrikstad Litteraturhus i Ivar Aasen-tunet 12.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng

Kurset «Web med bruker i sentrum, skrive for web» i regi av Webgruppen i Oslo 12.–13.11.: Laila Walseth Lid

Bibliotekdagane i Møre og Romsdal i Molde 13.–14.11: Mona Iren Auganæs

«Mulighetsprosjekt Søre Sunnmøre», informasjonsmøte og styregruppemøte i Volda kuturnæringshage 16.11.: Anders Aanes

Fagdag for NRK Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 19.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Liv Astrid Skåre Langnes, Laila Walseth Lid

Visingslunsj for lokalt næringsliv og reiseliv i Aasen-tunet 20.11.: Ottar Grepstad, Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid, Anders Aanes, Ingrid Opedal, Milan Ilic, Inger Johanne Sæterbakk

Bokdag i Førde og Naustdal Mållag i Førde 25.11.: Ottar Grepstad

Møte i ressursgruppe for nynorsk i Kunnskapsdepartementet i Oslo 27.11.: Ottar Grepstad

Møte i 150-årsnemnda for Det Norske Samlaget i Oslo 27.11.: Ottar Grepstad

Møte med Idium om forprosjekt for nye nettstader i Oslo 27.11: Gaute Øvereng, Laila Walseth Lid

Møte i styringsgruppa for hundreårshistoria om Det Norske Teatret i Oslo 4.12.: Ottar Grepstad

Informasjonsdag for arbeidsgivarar og næringsdrivande i regi av Interkommunal arbeidsgivarkontroll på lønsområdet i Volda 5.12.: Oddny Nupen Aarflot

Møte i Kulturnæringshagen i Volda 12.12.: Karine Munch, Anders Aanes

Arrangør- og artistseminar i regi av Førdefestivalen og Norske Country Treff i Førde 14.12.: Karine Munch

8.9 Publikumssørvís

Vi får stadig spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange kjem frå skuleelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er også vanleg at vi får spørsmål frå folk som

leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekar, dokumentasjonsleiar og svar-te på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Ved skriftlege spørsmål blir dei skriftlege svara tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

9 Utstillingar

Driftsinntektene for budsjettavdelinga Utstillingar i Ivar Aasen-tunet auka med 24 % frå 2 296 000 kroner i 2011 til 2 837 000 kroner i 2012. Drifta gav eit underskot på -136 000 kroner, mot eit underskot på -61 000 kroner året før.

Medrekna elevprogram hadde utstillingane i Aasen-tunet 11 188 gjester, mot 7236 året før. Frårekna turneane hadde utstillingane i Aasen-tunet 4142 gjester.

Temautstillingane i Olav H. Hauge-senteret hadde 168 gjester.

Ivar Aasen-tunet laga éi ny temautstilling i 2012: *Kryssord og magi. Songlyrikk frå Bob Dylan til Arne Mosslåtten*.

I alt viste Olav H. Hauge-senteret og Ivar Aasen-tunet ni temautstillingar i 2012.

9.1 Basisutstillingar

Den store endringa av basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet som tok til i 2007 under namnet *Høgt og lågt* blir fullført i 2013. Det økonomiske grunnlaget er eit tilskot på 1 million kr frå Fritt Ord og egne midlar. Desse endringane er ein del av utviklinga av Ivar Aasen-tunet til ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.

Kvar dag er det noko nytt i basisutstillinga, i 2012 som før om åra.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkelarkivet. I utstillingsperioden låner vi òg inn gjenstandar som kan

knyttast til dei ulike forfattarane. Til no har vi presentert 36 forfattarar.

På *aktualitetshylla* la vi dei første månade-
ne i 201 ut nye avisklipp om lag éin gong i
månaden. Ut gjennom året blei dette gjort
meir sporadisk.

Ved Olav H. Hauge-senteret heldt arbei-
det fram med å planleggje den nye basisut-
stillinga som etter planen blir opna 10.5.2014
viss finansiering kjem på plass i tide.

Arbeidet med å levere historisk materiale
og tekstar til Hotell Bondeheimen heldt fram
i 2012. Etter planen fullfører hotellet prosjek-
tet til 100-årsjubileet i 2013.

9.2 Temautstillinger

Ivar Aasen-tunet laga ei ny temautstilling i
2012: *Kryssord og magi. Songlyrikk frå Bob Dy-
lan til Arne Moslåtten* dokumenterer og viser
fram nokre hovudtrekk i songlyrikken både
i Noreg og andre land.

I 2012 viste Ivar Aasen-tunet fire temaut-
stillinger

- *Det usynlege språket. Omsetjing og
gjendikting.* Utstillinga blei sett opp som
ein del av ei miniutstilling om Hartvig
Kiran 3.11.2011–24.1.2012
- *Tre forfattarar, mange fantasiar.* Reprise
25.1.–24.6. i høve 60-årsdagane til
Ragnar Hovland, Torvald Sund og Lars
Amund Vaage.
- *Kryssord og magi. Songlyrikk frå Bob Dylan
til Arne Moslåtten.* 29.6.–24.10.
- *Den som diktar, byggjer bruer.* Reprise
25.10.–31.12. i høve 50-årsdagen til Brit
Bildøen.

Olav H. Hauge-senteret viste desse fem
temautstillingane frå Ivar Aasen-tunet:

- *Olav H. Hauge. Diktarens utvegar* (heile
året)
- *Halldis i livet. Halldis Moren Vesaas 1907–
1995* (heile året)
- *Klassisk kulturarv. Linjene frå Europa til den
norske bokheimen* (heile året)
- *Kunsten i livet. Diktaren Jon Fosse* (heile
året)
- *Det usynlege språket. Omsetjing og gjen-
dikting* (januar – mai)


I tillegg utvikla Olav H. Hauge-senteret si
første, vesle temautstilling som blei vist frå
7.9.:

- «*Sjeli skal spela*». Ei utstilling om *Glør i
oska* med teikningar av Jon Hjelmevoll

9.3 Vandreutstillinger

I 2012 lånte Ivar Aasen-tunet ut sju ulike
utstillinger, mot ni i 2011. Utlån til Olav H.
Hauge-senteret er rekna med i desse tala
(figur 5).

Figur 5. Utlån vandreutstillinger 2008–2012



Som i dei føregåande åra har det vist seg
vanskeleg å føre påliteleg statistikk for gjes-
tet på vandreutstillinger. Desse tala er hel-
ler ikkje rekna med i publikumstala våre.

Sidan 2000 har vi i alt hatt 145 utlån av 25
ulike utstillinger i 18 fylke.

I 2012 hadde vi to eksterne utlån:

*Diktarens utvegar. Olav H. Hauge 1908–
1994.* Voss bibliotek, Hordaland, 26.4.–26.5.

*Kryssord og magi. Songlyrikk frå Bob Dylan
til Arne Moslåtten.* Tysvær bibliotek, Roga-
land, 1.11.–15.11.

9.4 Nettutstillinger

I 2012 publiserte vi ei digital blabok av den
første årgangen, 1894, av *Den 17de Mai*. Vi la
i tillegg ut blabøker av *Dølen* 1858–60 og
Fedraheimen 1877.

10 Tilbod til born og unge

9963 born og skuleelevar gjesa arrangement
og utstillinger, mot 5513 året før. Dette var

heile 45 % av alle gjestene våre, mot 29 % året før.


7613 elevar og lærarar var med på 214 program på turnear i regi av Den kulturelle skulesekken, mot 2966 året før.

1501 elevar var med på standard skuletilbod og Den kulturelle skulesekken i tunet, mot 1560 året før.

I august hadde vi premiere for det nye elevprogrammet *Lurivar og kjærleiken*. Framsyninga har fått svært gode tilbakemeldingar. Ein forproduksjon til barnehageprogrammet *Oppdrag alfabet!* blei vist på Kulturtorget i Molde i januar. Arbeidet med programmet blir klart til turné i skuleåret 2013/2014.

Frå hausten 2013 har vi dermed skulesekktilbod for både barnehage, småbarnssteget, ungdomsskule og vidaregåande skule.

Figur 6. Gjester skulesekkturnear 2008–2012



10.1 Nye tilbod

I 2012 arbeidde vi med to nye elevprogram i Den kulturelle skulesekken.

Hilde Myklebust skreiv manus til *Lurivar og kjærleiken*, som ei vidareføring av *Katta i sekken*. Programmet er laga for elevar på 1.-4. trinn og fekk premiere i august 2012. Tunkatten Lurivar blei spelt av Maria Halseth og forteljaren blei spelt av Silje Silden. Regissør var Unn C. Fyllingsnes, musikken var skriven av t Marit Lid Bjerkvik og Gaute Øvereng. Framsyninga og utøvarane har fått svært gode tilbakemeldingar.

Oppdrag alfabet! er eit program for barnehagar som er i arbeid. Petra Helgesen i Språkfolk og Adele Lærum Duus i Lys levende Adele laga ein presentasjon for Kul-

turtorget i Molde i januar 2012. Petra Helgesen skriv manus, og Karoline Isaksen blir første utøvar. Programmet blir klart til skuleåret 2013/2014.

10.2 Tunkatten Lurivar

Etter premieren i november 2006 er tunkatten Lurivar blitt det viktigaste verkemidlet vårt for å nå dei yngste borna. Lurivar er språkleg nysgjerrig og stolt av språket sitt. Tunkatten er ein døropnar til nynorsk litteratur og undring over språk.

Lurivar er formgitt av Monica Egeli. Lurivar er ein av få ikkje-kommersielle barnefigurar i Noreg, og det gjer han ganske unik i barneverda. I staden for å utvikle reklameeffektar og store mengder lisensprodukt legg vi vekt på læring og aktivisering. Dei få Lurivar-produkta vi har laga, blir ikkje marknadsførte på Lurivars eigen nettstad som er retta mot born. Innanfor rimelege grenser gjer vi difor møta med tunkatten til ei kjøpefri sone.

Han er synleg på tre arenaer: i Ivar Aasen-tunet, på turné og på nettstaden tunkatten.no.

Tunkatten i tunet: Den 2.–4.4. var det påskejakt med Lurivar med Marit Lid Bjerkvik i rolla som Lurivar. 179 små og store vitja tunet desse tre dagane. Etter skattejakta var det formgivingsaktivitetar for borna.

Kvar sommar sidan 2007 har vi hatt eigne Lurivar-omvisingar. Sommaren 2012 var 101 med på faste omvisingar to dagar i veka, mot 214 året før. Tilbakemeldingane frå barnefamiliar var svært gode.

I 2009 innvigde vi Barneboktua, Lurivars eige utebibliotek. Dette enkle biblioteket ligg på Høgetuva ovanfor Aasen-tunet, ved enden av Lurivars ordløype som vi set opp kvar sommar. På stien opp til Høgetuva var det også i 2012 ein kviss, denne gongen om plantenamn. Ordløypa blei opna på Villblomedagen 17.6.

Katta i sekken er ei skuleframsyning for 1.–4. trinn, utvikla for Den kulturelle skulesekken. Framsyninga, ein mellomting mellom teaterframsyning og forfatterbesøk, skal gi leselyst og gjere borna språkleg nysgjerrige.

Våren 2012 var *Katta i sekken* på turné i Møre og Romsdal i to veker. Hausten 2012 var den nye framsyninga *Lurivar og kjærleiken* på turné i Møre og Romsdal og Rogaland i tolv veker.

Tunkatten.no: Nettstaden fekk ny formgiving i april 2012. Den nye nettstaden passar betre for born og legg meir vekt på dei språklege aktivitetane. Ved årsskiftet inneheldt tunkatten.no mellom anna ni originaltekstar om Lurivar med illustrasjon og forteljinga lese av forfattaren, blogg, lydbøker med utdrag frå 16 nynorske barnebøker, Lurivars ordliste og ulike språkaktivitetar. Born sende også inn spørsmål og eigne tekstar til nettstaden. *Lurivars songbok* inneheldt ved årsskiftet 71 songar. Publikum kunne laste ned lydfiler gratis, og vi dekte Tonoavgifta.

Agent-ordspion er namnet på eit nettspel med leik om språk, ord og litteratur der Lurivar har hovudrolla. I januar avslutta spelfirmaet Agens eit forprosjekt som viser grunntanken i spelet. Vi fekk i 2012 ikkje på plass den finansieringa vi treng for å realisere prosjektet.

10.3 Born og småbarnsfamiliar

Gjennom året gjennomførte vi ti arrangement for born og småbarnsfamiliar. I tillegg stod festspeldiktaren for ni skulebesøk for 243 åttandeklassingar i Ørsta og Volda.

Under Dei nynorske festspela hadde vi to store program for born. I vårprogrammet hadde vi fire familiearrangement, og om hausten hadde vi to.

Den årvisse barnekunstutstillinga i november er blitt ein tradisjon. I år hadde vi to utstillingsopningar. Som før om åra avslutta vi med familiedag med juleverkstad andre søndag i advent.

10.4 Barnehagar

Frå 2009 har vi hatt eit eige omvisingstilbod for barnehagar. I 2012 hadde 73 barnehageborn omvising i Ivar Aasen-tunet, mot 27 året før.

Barnehagar på omvising fekk forteljarstund om Ivar Aasen i Gamletunet og lese-

stund på hemsan i basisutstillinga, der Lurivar held til. Ymse formingsaktivitetar var også ein del av tilbodet. Mange barnehagar nyttar høvet til å vitje Høgetuva medan dei likevel er i tunet

I tillegg var mange barnehagar med på eigne program under Dei nynorske festspela.

Også i 2012 arrangerte vi barnekunstutstilling der born frå barnehagane i regionen fekk stille ut arbeida sine i Aasen-tunet. Born tok utgangspunkt boka *Månen som ville lyse som ei sol* av Elin Grimstad. 329 born og 15 barnehagar var med, mot 266 born året før. Utstillinga blei dette året vist utandørs, med stor hell.

10.5 Skular

I 2012 brukte 1501 elevar tilboda våre i Ivar Aasen-tunet, mot 1560 året før. Dette inkluderer skulesekkturnear lokalt.

I samsvar med læreplanane frå 2007 er tilbodet konsentrert om sju faste program som skulane kan velje fritt mellom. Dei kan også få tilbod som er tilpassa ønska deira.

Dette var dei sju standardtilboda i 2012:

Oppvekståra til Ivar Aasen (barnesteget):

Elevane blir kjende med oppveksten til Ivar Aasen, og dei dramatiserer episodar frå oppvekståra.

Ivar Aasens verk med Ivar Aasens ordtak (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande): Elevane blir kjende med mangfaldet i Aasens skrifter og får praktiske oppgåver om stoffet.

Arkitektur (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande). Innføring i utforminga av hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet. Elevane lærer om arkitekt Sverre Fehn og går på oppdagingsferd i bygningen.

Dialektar (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande): Elevane blir kjende med omgrepet dialekt, får kjennskap til nokre viktige målmerke, og bruker Dialektspelet.

Nynorske teikneseriar (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande). Elevane lærer om sjangertrekk for teikneseriar, blir kjende med nynorske teikneseriar og lagar kvar sin teikneserie som dei presenterer.

Nynorske dikt (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande): Elevane lærer om dikt-sjangeren, blir kjende med utvalde dikt og skriv eigne dikt.

Nynorsk pressehistorie (vidaregåande): Elevane lærer om nynorsk pressehistorie og kva rolle massemediet pressa har spelt for utbreiinga av nynorsk.

Fleire av desse omvisingane er lite brukte, og tilbodet vil bli revidert.

Også i 2012 hadde vi eit godt samarbeid med Ørsta ungdomsskule om deira årlege gründercamp for alle niandeklassingane på skulen. Ein idé om å lage armband med kjende dekorelement frå gjenstandane etter Aasen av tre frå Storebjørka kom på 3. plass i tevlinga.

Hausten 2012 kom ei ny gründercamp-gruppe frå allmennlærerutdanninga ved Høgskulen i Volda. Der vann studentgruppa «vår» førstepremien for ideen om å nytte tre frå etter Storebjørka som nøkkelhank, forma som ei open bok og med tekstutdrag frå Ivar Aasen som dekorelement.

10.6 Den kulturelle skulesekken

I 2012 gjennomførte vi 33 framsyningar for alle elevane på fire trinn i Ørsta og Volda, til saman 939 elevar og 90 lærarar.

Frå og med skuleåret 2005/2006 har vi samarbeidd med vertskommunane om tre årlege program innanfor Den kulturelle skulesekken. Dette er eit tilbod til alle i 3., 6. og 10. klasse. Frå og med skuleåret 2009/2010 har vi også hatt eit fast tilbod for 8. klasse.

Det gode samarbeidet med Nettbuss Møre og vertskommunane om transport av elevane til og frå Ivar Aasen-tunet heldt fram. Der det var mogleg, brukte elevane vanlege bussruter, og kommunane dekte utgiftene for ekstrabussar. Vi arbeidde også i 2012 med å halde denne kostnaden nede.

Som året før gjennomførte vi ei enkel evaluering blant lærarane som var med. Tilbakemeldingane var svært gode.

Dette var tilboda i 2012:

3. klasse: *Bli kjend med Ivar Aasen*. Elevane blir kjende med Aasen og arbeidet hans, særleg barndom og oppvekst. I 2012 gjen-

nom-førte Heidi Alice Aarseth og Solveig Styve Holte programmet.

6. klasse: *Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn og arkitekturen i Aasen-tunet*. I opplegget vert elevane kjende med korleis ein arkitekt tenkjer og det særmerkte ved Ivar Aasen-tunet. Dei får impulsar om kva arkitektur har å seie, får oppleve detaljar i heilskapen, og til sist set dei tek dei del i ei form-gjevingsoppgåve knytt til arkitektur. I 2012 bygde dei ein stor pyramide av samanrulla avisapir. Formidlaren gjennomførte programmet for alle dei 239 elevane i 6. klasse i Ørsta og Volda.

8. klasse: *Forfattarbesøk*. Som året før fekk 8. klassane i Ørsta og Volda også i 2012 tilbod om besøk av festspeldiktaren eller ein forfattar som er knytt til det årlege festspeltetemaet. Slik blir elevane kjende med festspeldiktaren eller tema for festspela. Våren 2012 gjesta festspeldiktar Arne Moslåtten alle 8. klassane i Volda og Ørsta.

10. klasse: *Snakk om språk! Dette blei framført av Eirik Helleve og Runar Gudnason i Ivar Aasen-tunet*.

Den nye produksjonen frå 2011, *Mine språk* for vidaregåande skule, kom ikkje med på kulturprogrammet i dei to fylka vi prøvde på.

Vi gjennomførte 36 framsyningar av *Katta i sekken I* for 909 elevar og 107 lærarar i fire kommunar: Eide, Gjemnes, Herøy, Nesset og Ulstein. Våren 2012 hadde Unn Catodotter Fyllingsnes rolla som forfattar, og Aslak Strønen spela Lurivar. Til no har 9989 elevar i to fylke vore med på dette programmet.

Vi gjennomførte 123 framsyningar av den nye produksjonen *Katta i sekken II – Lurivar og kjærleiken* for 4575 elevar og 367 lærarar i fem kommunar: Sandnes, Halså, Sunndal, Averøy og Ålesund. Hausten 2012 hadde Silje Silden rolla som formidlar, og Maria Halseth spela Lurivar. Til no har 4575 elevar i to fylke vore med på dette programmet.

Snakk om språk! hadde 55 framsyningar i Ivar Aasen-tunet og på turnear i Møre og Romsdal og Valdres for 1558 elevar og 109 lærarar i ti kommunar: Ørsta, Averøy, Kristiansund, Hareid, Vang, Øystre Slidre, Vest-


re Slidre, Etnedal, Sør-Aurdal og Nord-Aurdal. Til no har dette programmet vore vist i seks fylke.

Gjestetal for desse turneane blir rekna som utstillingsgjester, og talet på fram-syningar er difor ikkje med i arrangements-talet i kap. 11.

11 Arrangement

Driftsinntektene for Dei nynorske festspela og kulturprogrammet i Ivar Aasen-tunet auka med 4 % frå 2,7 millionar kroner i 2011 til 2,8 millionar kroner i 2012. Drifta gav eit underskot på -135, mot eit underskot på -89 000 kr i 2011.

Figur 7. Tal arrangement 2008–2012



Dei nynorske festspela fekk eit underskot på 87 000 kroner, mot eit overskot på 71 000 i 2011.

Kulturprogrammet gav eit underskot på -48 000 kroner, mot eit underskot på 160 000 kr i 2011.

I alt minka talet på gjester med 15 % frå 11 834 i 2011 til 10 090 i 2012. På våre egne arrangement gjekk gjestetalet ned med 10 % frå 7625 i 2011 til 6855 i 2012.

90 tilstellingar var utleigearrangement eller hadde eksterne arrangørar, mot 86 året før. Gjestetalet ved utleige minka med 23 % frå 4211 i 2011 til 3235 i 2012.

Kulturprogrammet og Dei nynorske festspela inneheldt i alt 89 arrangement i 2012, mot 86 året før, utanom vandreutstillingar. Av dette stod Hauge-senteret for sju arrangement.

Komplette festspel- og kulturprogram ligg ved.

11.1 Dei nynorske festspela

Driftsinntektene auka med 8 % frå 1 873 000 kroner i 2011 til 2 016 000 i 2012. Av dette utgjorde overføring frå statstilskotet 47 %, mot 51 % året før.

Festspela utløyste ei bruttoomsetning på 329 000 kr i kafeen og butikken dei fire festspeldagane, mot 383 000 kr i 2011. Då er internomsetninga rekna med.

Festspela blei gjennomførte med 40 egne arrangement og 6 arrangement med eksterne arrangørar, til saman 46, mot 53 året før. Vi konsentrerte festivalen mykje meir om Aasen-tunet, men likevel hadde vi 19 arrangement på 11 scener utanfor tunet, mot 21 arrangement på 14 andre scener året før.

Gjestetalet minka med 19 % frå 6366 på 53 arrangement og utstillingar i 2011 til 5168 gjester på 48 arrangement og utstillingar i 2012.

Billettinntektene auka med 18 % frå 431 000 kroner i 2011 til 508 000 kroner i 2012, som er ny rekord. Medrekna fribillett utgjorde førehandssalet 38 % av alle utleverte billettar, mot 40 % året før. Salet via Internett utgjorde om lag 27 % av samla billettsal i kroner, mot 45 % i 2011.

Festspela har fått ei god blanding av lokale gjester, tilreisande gjester og sentrale figurar i nynorskmiljøet. Dette er ein festival der så godt som alle betaler billettane sine sjølve. Den sosiale profilen er god ved at 42 % av arrangementa i 2012 var utan inngangsbillett, og billettprisar som varierte mykje.

Dei gode røynsleane med omlegginga av Dei nynorske festspela til eit fortetta program over fire dagar med Ivar Aasen-tunet som hovudarena blei forsterka i 2012

Programmet strekte seg frå sterk kunst og varm humor, og skilde seg i 2012 ut med mange viktige og gode konsertar. Festspela greier frå år til år å halde på ein klar nynorskprofil og å fornye seg innanfor ei ganske trong ramme.

Med *Songen* som tema fekk musikken mykje plass. Eit sterkt musikkprogram med

mange sjangrar representert opna også nye rom og inngangar til språk og litteratur. Færre forfattarar enn før var i aksjon, men formidlinga av skjønnlitterære tekstar stod sentralt på fleire scener med både Haugtussa, teater om Matias Orheim og premiere på årstidssongar av Jon Fosse.

Det kan nok hende at temaet kunne ha vore endå betre utnytta med fleire uventa innfallsvinklat, men publikum likte openbert det dei fekk. Både kunstnarleg og fagleg fekk publikum også i 2012 nokre eineståande gode arrangement, men nokre program viste seg å vere meir ordinære enn vi ønskte.

Barneprofilen har vi fått godt tak på og er i ferd med å bli ein spesialitet. Festspela skal vere med og styrkje den språklege sjølv-tilliten hos barn og unge. Som tidlegare år utvikla vi eigne barnearrangement for både barnehagar og småbarnsfamiliar.

Svært dyktige, men ikkje alltid godt kjende kunstnarar er ein av spesialitetane våre, og vi har etablert ein festival utan påfallande gjengangarar frå år til år. Livskrafta og tilveksten i den nynorske litteraturen er så stor at vi har meir enn nok med å ta unna.

I 2012 var 87 % av arrangementa i eigen regi, mot 80 % året før. Dette talet har variert mykje med åra. Festspela har ikkje fått den paraplystrukturen vi ein gong la opp til, der mange ulike miljø kunne ta ansvar for kvar sine tilbod.

Avviklinga baud på få vanskar, og Festspela var ein trygg stad å vere for både store og små. Vi har etter kvart fått på plass ein god festivalorganisasjon med passe mange frivillige og ryddig organisering. Som i 2011 var om lag 40 frivillige i aksjon. Vi var stort sett godt dekte, og dei frivillige gjorde på ny godt og viktig arbeid. Til opningskonserten med Hellbillies leigde vi dessutan inn fleire betalte ekstravakter enn tidlegare, heile 35 i talet. Staben av frivillige blei svært godt organisert, her har det skjedd mykje positivt dei siste åra.

Stabile medarrangørar over fleire år er ein sto fordel, og vi har no fleire slike sjølv om det blei få eksternt. I 2012 hadde vi 32 samarbeidspartnarar, mot 36 i fjor.

Sein påske gjorde at programmet blei lansert noko seinare enn i fjor. Programmet blei gjennomført med små endringar. Det letta arbeidet og reduserte kostnadene.

Marknadsføringa er godt innarbeidd, men blir kvart år også tilpassa programprofil og målgrupper. Vi marknadsførte i stor grad gjennom dei faste kanalane, men utvikla bruken av sosiale medium og førte vidare tilbodet med fersk utgåve av *Festspel-Symra* kvar morgon. Riksmedia gjorde som før lite ut av det som skjedde, her kan det vere meir å hente.

Jamført med andre festivalar av same storleik har vi eit høgare marknadsføringsbudsjett når både kroner og arbeidstid er rekna med. Salskostnadene auka frå 292 000 kronar i 2011 til 320 000 kroner i 2012.

Dei mange samarbeidspartnarane var ein nødvendig føresetnad også i 2012. Dei nynorske festspela er det viktigaste profileringsiltaket for Nynorsk kultursentrum, men vi treng fleire samarbeidspartnarar å fordele risiko på og hente impulsar frå.

11.2 Kulturprogram i Ivar Aasen-tunet

Kulturprogrammet minka driftsinntektene med 5 % frå 816 000 kroner i 2011 til 775 000 kroner i 2012. Drifta gav eit underskot på -48 000 kroner, mot eit underskot på -160 000 kroner i 2011.

Billettinntektene utgjorde 16 % av inntektene, mot 27 % i 2011.

Kulturprogrammet inneheldt 41 arrangement, mot 33 i 2011. Desse samla 2592 gjester, mot 3005 året før. I tillegg stod eksterne arrangørar for 11 opne arrangement, som året før. Det samla tilbodet av opne arrangement var dermed større i 2012 enn i 2011.

Kulturprogrammet sett under eitt inneheldt arrangement for ulike målgrupper, alt frå små born til dei vaksne med ulike interesser. Som før var målet eit variert program som viser nynorsk i bruk i ulike samanhengar. Difor femnde det om både litteratur, språk, musikk, teater og utstillingar.

Vårprogrammet i eigen regi blei gjennomført frå 25.1. til 4.4. Breidda var stor: opera for barn, konsert, samtalar, foredrag og for-

teljarframsyning. Flest gjester hadde «Min song og hjarteskatt» med Beate Slettevold Lech. Arbeidet med å få festspeldiktaren ut i skulane i Ørsta og Volda har kome inn i faste former, og Arne Moslåtten møtte på denne måten over 260 elevar og lærarar.

Vi konsentrerte *sommarprogrammet* om villblomedagen i juni og Ivar Aasens fødselsdag 5.8. I august markerte vi også Sverre Fehn-dagen med kake.

Haustprogrammet i eigen regi blei gjennomført frå 9.9. til 9.12. Eit høgdepunkt var Ottar Grepstads årstale nr. 12 «Draumen om målet». Programmet var prega av litteratur, som ei målretta oppbygging fram mot Språkåret 2013. Dermed fekk publikum tilbod både om og med barnebøker, ungdomsbøker, vaksenbøker, prosa og poesi.

I 2012 starta vi eit samarbeid med Nynorsksenteret og fylkesbiblioteket om Nynorsk barnebokveke for å fremje nynorsk litteratur for born, både til born og vaksne. På fire ulike bibliotek 15.–18.10. møtte born, foreldre, barnehagetilsette, lærarar og bibliotekarar forfattaren Bjørn Sortland og formidlar Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret som fortalde om mangfaldet i nynorsk barnelitteratur og om språk og lesing. Arrangementa samla nær 400 gjester.

11.3 Kulturprogram i Olav H. Hauge-senteret

Hauge-senteret gjennomførte seks arrangement som til saman samla 170 gjester. Det viktigaste arrangementet var «Kjære Olav. Kjære Bodil» med Bodil Cappelen og Sigrid Moldestad, ein reprise frå Dei nynorske festspela 2011.

Hauge-senteret følgde opp med eigne arrangement under Ulvik Poesifest i september.

12 Kafé og butikk


Butikken og kafeen auka den samla omsetninga med 6 % frå 1 892 000 kroner i 2011 til 2 008 000 kroner i 2012. Med dette etablerte butikken seg på eit nytt nivå i verksemda.

Drifta gav eit resultat på 220 000 kroner, mot 40 000 kroner i 2011.

Matsal utgjorde 52 % av omsetninga i kafeen, mot 62 % året før. Boksalet stod for 37 % av omsetninga i butikken, mot 34 % året før. Sett under eitt fordelte bruttoomsetninga seg som vist i figur 8.

Med 639 ordrar stod nettbutikken for 22 % av brutto omsetning i butikken, som året før.

Figur 8. Prosentfordeling omsetning butikk og kafé 2008–2012



Også i 2012 var Ivar Aasen-boksaren den store salssuksessen i butikken, men også *Mellom bakkar og berg*-sportstoppen selde godt.

Kafeen og butikken er framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet, og for eigeninntektene våre.

12.1 Kafé

Kafeen minka omsetninga med 18 % frå rekordhøge 926 000 kroner i 2011 til 783 000 kroner i 2012.

Kostnadene går opp, både for råvarer og løner, men det ser ikkje ut til at betalingsviljen aukar i same takt. Prispresset frå konkurrerande tilbod med andre krav til matproduksjon enn våre gjorde det framleis vanskeleg å ta dei prisane vi burde ha.

Programansvarleg og kjøkkenleiar samarbeidde også i 2012 om kafétilbod ved kulturarrangementa. Rønslene tyder på at det er vanskeleg å etablere ein kultur for kafébesøk ved arrangement i området.

Både i mai og juni var omsetninga (utan internomsetning) meir enn 50 000 kr under fjoråret, medan april, juli, august og desem-

ber låg over. Ei av årsakene var truleg færre store utleigearrangement med mat, ei anna at prisnivået på mat og drikke under Dei nynorske festspela blei redusert.

Også dette året handterte sommarvikarane kafeen i ferien til kjøkkenleiaren. Dette reduserte personalkostnadene, men gjorde det likevel mogleg å gi publikum eit godt tilbod.

I sommaromsetninga var festspeldagane også i 2012 høgdepunktet. Utanom internomsetninga selde kafeen då brutto for 145 000 kroner, mot 124 000 kroner i 2011.

Som før var kafeen alltid open med mattilbod når Ivar Aasen-tunet var ope. Også i 2012 prøvde vi å tilby ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata. På gruppe- og utleigemenyen har vi fleire rettar med lokal vri: laks med Snøfrisk frå Ørsta, brennsnut med heimebaka flatbrød frå Aasen-garden, rømmegraut med spekemør frå Johs. Jakobsen i Volda. I staden for middag tilbyd vi smakfulle smårettar i tillegg til kaker, kjeks, kaffi og te.

Kjøkkenleiaren deltok på ulike kurs og nettverkssamlingar om kortreist, lokal kvalitetsmat, mellom anna i reiselivssamarbeidet Hanen, som satsar på lokal mat.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og ein meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

12.2 Utleige

Inntektene frå lokalutleige til lukka og opne arrangement minka med 25 % frå 72 000 kroner i 2011 til 54 000 kroner i 2012. Summen er med i omsetninga for kafeen i kap. 12.1.

Talet på utleigearrangement auka frå 86 til 90 siste året, medan gjestetalet på desse tilstellingane gjekk ned frå 4211 i 2011 til 3235 i 2012. Det vil seie at vi hadde fleire små arrangement enn året før.

For den samla omsetninga og ikkje minst for resultatet for kafeen var utleigegjestene

likevel viktige også i 2012, sjølv om vi skulle ynskt oss fleire større utleigearrangement med mat som ein viktig del. Utleigearrangementa var føreseielege og lette å planleggje både for innkjøp, bemanning og tidsbruk. Tilstellingane var dessutan viktige i den allmenne marknadsføringa av Ivar Aasen-tunet.

Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta tilboda våre. Kafeen blir også brukt jamt meir til konfirmasjonar, fødselsdagsfeiringar og andre private arrangement. Vi mistar nokre utleigearrangement fordi vi manglar eit mellomstort møterom. Det blir Galleriet når Språkåret er avslutta.

Prisane for utleigetjenester var dei same som i 2011.

Utleigebrosjyren frå 2010 blei saman med ein presentasjon av Aasen-tunet som kurs- og møtestad i powerpoint- og papirversjon brukt i marknadsføringa av Ivar Aasen-tunet som *den gode møtestaden* ved kundebesøk. I 2012 blei bedrifter og reiselivsaktørar inviterte til kundearrangement i Aasen-tunet, som var vellukka.

Også i 2012 var Ivar Aasen-tunet ein møte- og kursstad som skilde seg ut frå andre tilbod i regionen.

12.3 Butikk

Butikken auka omsetninga med 27 % frå 966 000 kroner i 2011 til 1 225 000 kroner i 2012. Drifta gav eit resultat på 275 000 kroner, mot 4000 kroner i 2011.

Både vår og sommar var betre enn i 2011. Omsetninga i sommarsesongen juni–august auka frå 395 000 kroner i 2011 til 440 000 kroner året før. Festspeldagane gjekk omsetninga ned frå på 148 000 kroner i 2011 til 108 000 kroner i 2012. Ei årsak til dette var nok at festspeldiktaren genererte lite boksal, ei anna at festspel-t-skjortene i teknisk stoff nok ikkje appellerte til målgruppa vår på same måte som dei tradisjonelle bomulls-t-skjortene.

Den store auken kom likevel i haustmånadene. Frå september til desember omsette butikken for 675 000 kroner, mot 433 000 kroner året før. Jamt fleire kjøper julegaver i

Aasen-tunet og i nettbutikken. I førjulsdagane fekk vi god marknadsføring gjennom store redaksjonelle avisoppslag om klesplagga. Fleire kundar gjorde også store bokkjøp, og Nynorsk barnebokveke genererte også auka boksar.

Som før heldt både eigenproduserte og andre varer jamt over høg kvalitet, men som før var det vanskeleg å setje prisane høgt nok.

Butikken selde bøker for 457 000 kroner, mot 371 000 kroner året før. Dette utgjorde 37 % av alt sal, mot 34 % i 2011. *Draumen om målet* selde svært godt, likeins nynorske barnebøker.

Salet av andre varer enn bøker, medrekna kommisjonssal av keramikk og smykke, auka frå 683 000 kroner til 907 000 kroner utanom internomsetninga. Den store suksessen Ivar Aasen-boksaren stod for ein god del av salet også i 2012. I tillegg gjorde sportstoppen *Mellom bakkar og berg* og trusetrøyene med *Ny norsk verdsborgar* og *Ervingen* lykke.

Butikken tok også i 2012 inn bøker og musikk av utøvarar i kulturprogram og festspelprogram.

12.4 Nettbutikk

Bruttoomsetninga auka frå 229 000 kroner i 2011 til 297 000 kroner i 2012. Dermed utgjorde omsetninga i nettbutikken 22 % av det samla butikksalet, som året før.

Ordretalet auka frå 527 til 639, og omsetninga pr. ordre auka også frå 435 kroner til 465 kroner.

Ved årsskiftet kunne nettkundane velje mellom over 700 varer, mot 665 ved førre årsskifte. Kvar månad var i gjennomsnitt om lag 680 gjester innom nettbutikken. Færrest var der i mars, april og september, medan januar og november var toppmånader for besøk. Nettsida om Aasen-boksaren hadde også i 2012 svært mange visingar. Framleis gjeld det å få desse kundane med vidare til andre tilbod på nettstaden.

12.5 Vareprofil

Ved årsskiftet hadde butikken 819 kurante varer på lager, mot 558 året før. Kassesyste-

met gir jamt betre oversyn over varelageret og lettar vareteljinga, men valdar også nokre vanskar.

3300 nye Aasen-boksarar vart leverte i 2012. Dermed har vi produsert 8300 eksemplar av denne slageren frå og med 2010.

Festspelkruset 2012 hadde originaltekst av festspeldiktaren Arne Moslåtten. Vi kunne dermed tilby i alt ti festspelkrus med unike tekstar. Vi laga festspel-t-skjorter i ny teknisk kvalitet, men desse slo ikkje til, og mykje er att på lager.


Sportstoppen *Mellom bakkar og berg* vart godt motteken, likeins trusetrøyene med *Ny norsk verdsborgar* og *Ervingen*.

13 Nettstadene

Nettstadene auka talet på unike brukarar med 25 % frå 250 094 i 2011 til 312 481 i 2012. Desse såg på 739 931 sider, mot 701 505 året før.

Publikum kunne velje mellom 13 950 tekstdokument på nettstadene, mot 11 790 i 2011.

Figur 9. Unike brukarar og viste sider på nettstadene 2008–2012



Arbeidet med å utvikle nye nettstader for Aasen-tunet, Hauge-senteret og Festspela har vore prioritert i 2012 og blir etter planen lansert før sommaren i 2013. Tunkatten.no tok i bruk ny nettstad våren 2012.

13.1 aasentunet.no

Nettstaden www.aasentunet.no blei opna 26.4.2000, to månader før Ivar Aasen-tunet

blei opna. Ved utgangen av 2012 inneheldt nettstaden 11 810 tekstdokument.

13.2 tunkatten.no

Tunkatten.no er eit aktiviserande formidlingstilbod for born i alderen 5–12 år med nynorsk språk og litteratur. Nettstaden blei opna 12.9.2006 og inneheldt ved årsskiftet om lag 370 dokument, mot om lag 350 året før.

Nettstaden inneheld mellom anna ni forteljingar om tunkatten Lurivar, skrive av ni ulike forfattarar, og 71 nynorske songar med lydfiler og notar i «Tunkattens songbok». Våren 2012 fekk tunkatten.no ny formgiving.

13.3 haugesenteret.no

Nettstaden inneheldt om lag 400 dokument ved utgangen av 2012, som i 2011.

Frå 2011 la vi ut meldingsbladet *Onen* på nettstaden.

13.4 Besøk og bruk

År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av å bli den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi tek også mål av oss til at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader.

Det faglege innhaldet er ein svært viktig del av nettstadene, og dei største brukarane er skular over heile landet. Mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader. Det er også grunnen til at sidene om Ivar Aasens liv og verk var av dei mest populære på nettstadene i 2012. Her hadde vi 17 296 gjester på opningssida, mot 17 160 året før. «Nytt frå Ivar Aasen-tunet» hadde flest besøk i 2012 med 24 637 brukarar. Årsaka kan vere at vi aktivt har formidla nyheitssakene også i sosiale medium med lenkje til nettstaden. «Aktivitatar og spel» (9302) og «Tunkattens songbok» (19 047) på tunkatten.no var dei to andre i kvartetten av mest brukte sider på nettstadene.

Songboka tilbyr nedlasting og avspeling av lydfiler med songane. I 2011 gav dette 32 992 avspelingar og 8 495 nedlastingar,

mot høvesvis 32 300 og 14 200 året før. Den mest populære songen var «Mellom bakkar og berg», som blei spelt av eller lasta ned 1744 gonger, mot 3504 året før. Grunna omlegging av nettstaden har vi ikkje loggførte tal for 2012. Det er lite som tyder på store endringar frå 2011.

I 2012 hadde haugesenteret.no 9976 unike brukarar og 17 679 sidevisingar.

68 % kom til nettstadene gjennom søkjemotorar som Google, Kvasir og Bing. 17 % kom direkte inn på nettstadene, medan 15 % kom via peikarar frå andre. Tilsvarende tal for 2011 var 59 %, 21 % og 20 %.

Kvar nettgjest såg i gjennomsnitt på 3,03 sider i 2012, mot 3,2 sider året før.

13.5 Litteratur

Fedraheimen er den største samla tekstmengda som har blitt publisert på litteratursidene til no. Ved utgangen av året var om lag 6650 artiklar frå 15 årgangar publiserte.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og verk.

Litteratursidene blei opna i 2001, då under namnet Nettbiblioteket. Dette er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

Til no har vi bygt opp desse sidene ved at vi har gått over gjerdet der det har vore lågast, til dømes med dugnadsprosjekt, og der det har vore midlar å hente til publisering. Vi har konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg. I 2012 ville det seie forfattarar som døyddde før utgangen av 1941. Langt dei fleste tekstane skriv seg frå før 1920.

Litteratursidene inneheld difor både sentrale og kuriøse tekstar frå den nynorske kulturhistoria. Det kuriøse ligg særleg i utvalet av forfattarar, som til no har vore nokså vilkårleg.

Med Elias Blix som døme til Blix-jubileet februar 2011 laga vi ein mal for meir innhald om kvar forfattar i form av biografisk artik-

kel frå Allkunne, fleire peikarar til artiklar om forfattaren, og peikar til temautstillingar der slike finst.

Nettportalen digitaltmuseum.no har vore i drift ei stund. Dette er formidlingsdelen av programmet Primus, som musea bruker til registrering av gjenstandar. I september 2011 publiserte vi foto av alle dei 227 registrerte gjenstandane etter Ivar Aasen. Slik publisering gir meir kontakt med publikum, som også lett kan gi oss eventuell tilleggsinformasjon om gjenstandane.


Gjennom prosjektet *Alfa – inngangar til norsk litteratur* får også litteratursidene tekstar frå fleire nolevande eller nyare forfattarar. Prosjektet er støtta av Kulturrådet.

14 Kommunikasjon

Marknadsføringskostnadene auka med 13 % frå 1 099 000 kroner i 2011 til 1 175 000 kroner i 2012. Dette utgjorde 5,9 % av samla driftskostnader, mot 5,8 % i 2011. Den store auken var i tråd med budsjettet.

Administrasjonen praktiserte også i 2012 open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som kom. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss, men vi har sidan 2004 praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentlig tilgjengeleg postjournal og offentliggjeriing av vedtaksprotokollar frå styre og råd. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

Figur 10. Opplag trykksaker 2008–2012



Det samla opplaget for trykksaker i 2012 var 115 300, mot 135 050 eksemplar året før. Av dette stod Hauge-senteret for 14 000 eksemplar, Ivar Aasen-tunet for 101 300.

Frå hausten 2011 tok vi til å posisjonere Ivar Aasen-tunet i den utvida regionsmarknaden som følgjer med opninga av Kvivsvegen hausten 2012.

14.1 Presse og kringkasting

Vi sende i 2012 ut 62 pressemeldingar, mot om lag 74 året før. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstaden og i sosiale medium.

Som tidlegare år førte vi ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sende også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift.

Festspelprogrammet blei lansert med eigen pressekonferanse i Aasen-tunet, der festspeldiktar Arne Moslåtten var med.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på medieklipp frå Retriever.

14.2 Trykksaker

I 2012 gav Aasen-tunet ut to utgåver av meldingsbladet *Symra*, i januar og september. Begge utgåvene blei trykte i 20 000 eksemplar, mot 19 000 året før. Bladet blei distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Hornindal, Stryn, Eid, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Dei nynorske festspela hadde i 2012 same grafiske profilen på alle trykksakene. Frost Media i Ørsta utforma plakaten, og motivet blei også nytta til brosjyre, programavis, annonsar og festspelbanner. Vi laga også t-skjorter med same motiv og sitatet «Drivstoff for humøret» frå festspeldiktar Arne Moslåtten. Den nye grafiske profilen blei nytta til mellom anna flagg til sentrumsgatene og manuskort til arrangement.

Festspelavisa var som tidlegare år ei eigenprodusert avis på 28 sider i fire fargar i tabloidformat. Avisa blei trykt i 33 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile

opplaget til Sunnmørsposten 15.6, og lagd ut i butikkar og andre samlingsstader i regionen.

Programfaldar blei sendt til alle husstandane i dei ti nærmaste kommunane, nye kommunar av året var Hornindal og Stryn.

Festspelplakaten blei trykt i 2000 eksemplar i fleire format og send til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

Sommarsesongen i Ivar Aasen-tunet blei marknadsført med eigen plakat. Denne blei hengt opp lokalt og elles distribuert til ein del nynorskkommunar og turistinformasjonar.

Hauge-senteret gav ut ei utgåve av det nye meldingsbladet *Onen*, mars i 14 000 eksemplar, mot to i 2011. Bladet blei sendt ut til alle husstandane i Ulvik, Granvin, Eidfjord, Jondal, Ullensvang, Odda, Kvam og Voss.

14.3 Annonsering

Alle kulturarrangement i Ivar Aasen-tunet blei annonserte i lokalavisene Møre, Møre-Nytt og Vikebladet, i fleire annonsar i Vestlandsnytt og Sunnmørsposten. Etter opninga av Kvivsvegen i september 2012 annonserte vi også i avisa Fjordingen i Stryn.

For Dei nynorske festspela brukte vi 2/3 av annonsebudsjettet lokalt og 1/3 på rikssannonsering.

Ivar Aasen-tunet var også i 2012 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen og hadde både redaksjonell omtale og egne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

I heile 2012 hadde Ivar Aasen-tunet fast reklameplass til ein plakat i lyskasse på ferja mellom Volda og Folkestad og på begge ferjene mellom Festøya og Solevågen.

Til arrangementa Hauge-senteret trykte vi opp plakatar som blei spreidde i nærmiljøet. Arrangementa blei annonserte i Avisen Hordaland og på gratissida «Det skjer» i Bergens Tidende.

14.4 Sosiale medium

Ivar Aasen-tunet brukte Facebook, Twitter og YouTube aktivt i marknadsføringa i 2012. Sidene for Ivar Aasen-tunet og Festspela på Facebook blei mellom anna brukte til å spreie informasjon om dei fleste arrangementa.

Meldingskanalen Twitter blei i 2012 mest brukt for å skape merksemd om Ivar Aasen-tunet, gjennom å publisere ordtak frå Ivar Aasens samling.

Olav H. Hauge-senteret nytta i liten grad Facebook i 2012 og ved utgangen av året hadde ikkje Hauge-senteret eigen Twitter-konto.

14.5 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) var Ivar Aasen-tunet mellom anna vore med i reisemålskatalogar frå FjordNorge. I tillegg blei Aasen-tunet nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

DÅS bruker svært lite nynorsk og bryt dermed med dei føresetnadene vi la til grunn ved innmeldinga i 2004. Eit samrøystes årsmøtevedtak i 2012 gjekk inn for å greie ut om fordelar og ulemper ved bruk av bokmål eller nynorsk til årsmøtet i 2013. Nynorsk kultursentrum tek del i dette arbeidet.

Ivar Aasen-tunet var med på fleire samarbeidsprosjekt for marknadsføring av reiseliv:

- “Kapp det gode liv” marknadsfører reiselivsbedrifter på Søre Sunnmøre og i Nordfjord
- Reiseruteprosjektet Fjordstreif i regi av Hanen, interesseorganisasjon for bygdeturisme, gardsmat og innlandsfiske i Noreg.

Hausten 2012 arrangerte Aasen-tunet ein visingslunsj for reiseliv og næringsliv for å auke bevisstgjeringsgraden av tunet. Deltakarane gav positive tilbakemeldingar.

Olav H. Hauge-senteret var medlem i Destinasjon Hardanger Fjord og Ulvik destinasjon og blei kort nemnt i Hardanger Guiden 2012.

14.6 Logo- og profilprogram

Styret vedtok logoane i desember 2011 og samla profilprogram i januar 2012.

Profilprogrammet blei teke i bruk i all marknadsføring av arrangement frå februar 2012. Dei nynorske festspela tok i bruk sin nye profil i alt materiell i mars 2012. Administrasjonen tok i bruk eit komplett malsett i januar 2013.

15 Gjester


Nynorsk kultursentrum auka gjestetallet med 14 % frå 19 206 i 2011 til 21 854 i 2012.

Ivar Aasen-tunet hadde 20 483 gjester, medan Olav H. Hauge-senteret hadde 389.

11 784 gjesta utstillingane – dette inkluderer 7622 gjester på skuleturnear, medan 6865 var på arrangement.

Ein mykje større del av gjestene våre er born og unge enn det som er vanleg ved norske museum, og 1 av 14 som bruker nettstader frå norske kulturhistoriske museum, bruker truleg ein av nettstadene våre.

Figur 11. Gjester og nettstadbrukarar 2008–2012



Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 221 676 gjester.

15.1 Gjesteprofil

Museumsstatistikken frå Kulturrådet for 2011 er den nyaste tilgjengelege.

Seks museumseiningar i Møre og Romsdal hadde i 2010 384 002 gjester. Av dette stod Nynorsk kultursentrum for 4,7 %, mot 6,6 % i 2010.

Vi hadde 66 % av alle nettstadgjester i fylket, mot 54 % i 2010.

Av nettstadene for kulturhistoriske museum i Noreg stod vi for 7,3 % av alle brukarane i 2010, mot 5 % i 2009. Nyare tal ligg ikkje føre.

Av publikumsarrangement stod vi for 37 % av alle museumsarrangement i fylket i 2011.

Tabell 1. Prosentfordeling gjester etter aktivitet 2008–2012

	2009	2010	2011	2012
Kulturprogram	13	11	16	12
Festspela	29	36	35	24
Utleige	20	15	16	12
Utstillingar	38	39	33	52
Sum	100	101	101	100

3900 eller 20 % av gjestene våre deltok i 2011 i pedagogisk verksemd for barn og unge, mot 9 % for heile fylket og 10 % for alle museum i landet. Tilsvarende tal for 2010 var 20 %, 4 % og 9 %.

Tabell 1 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at svingingane er store frå år til år. Dei største endringane frå 2010 til 2011 var at Festspela hadde ein mykje lågare del av gjestene og Utstillingar ein svært stor del, først og fremst fordi skuleturneane auka så mykje dette året.

Tabell 2. Prosentfordeling gjester etter sesong 2008–2012

	Vår	Sommar	Haust
2008	37	38	26
2009	36	48	16
2010	31	49	20
2011	26	45	29
2012	22	35	43

Tabell 2 syner at fordelinga av gjester mellom sesongane svingar over tid. Vårseongen 2012 var svak, medan haustsesongen var den beste like sidan opninga i 2000. Aktivitetsprofilen vår gjer at gjestene kjem meir jamt gjennom året enn tilfellet er for mange andre museum.

15.2 Gjesteundersøking

Vi gjennomførte den vanlege publikumsundersøkinga i perioden 15.6.–15.8., med dei same spørsmåla og på same måten som vi har gjort annakvart år frå og med 2000. Svara viser mykje godt dei same tendensane som før.

45 % av gjestene var menn, 55 % kvinner.

Vel halvparten av gjestene var i alderen 61–71 år. Vi hadde gjester frå dei fleste fylka, men nær kvar femte gjest kom frå Møre og Romsdal. Svært få kom frå andre land.

Nær seks av ti gjester hadde nynorsk eller begge målformer som hovudmål.

Gjestene var anten på besøk hos vener og slektningar i nærområdet eller på gjennomreise. Kvar sjette gjest hadde Aasen-tunet som mål for turen. Førhandsinformasjon om museet kom først og fremst frå slekt, vener og kjende, og frå media.

I 2012, som i 2010, hadde nær kvar femte gjeste henta informasjon frå Internett.

Som før om åra var gjestene i det store og heile uvanleg godt nøgde med stundene i Aasen-tunet, og bokmålsbrukarane trivest like godt som nynorskbrukarane.

15.3 Opningstider

Opningstidene for Ivar Aasen-tunet har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei nynorske festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

16. august – 14. juni: måndag – fredag 10–16, søndag 12–17.

15. juni – 15. august: måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12–17

Ivar Aasen-tunet var ope 305 dagar i 2012 mot 306 i 2011. Av dette var 86 dagar utan besøk på arrangement eller i utstillingar, mot 92 året før. Gjester i butikken eller kafeen kjem utanom.

Olav H. Hauge-senteret var tilgjengeleg for publikum måndag – fredag 9–16, med omvisingar etter avtale.

15.4 Billettprisar

Prismodellen frå opningssesongen blei ført vidare også i 2012, med noko høgare prisar

for somme kategoriar. Prisane var per person:

- Vaksne 75,00
- Born og unge 6–16, og studentar 35,00
- Honnør 50,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 50,00
- Skuleklassar 20,00
- Utstillingar i Galleriet 30,00
- NAF-medlemer ("Show your card") 35,00
- Tillegg utanom opningstid 25,00

Under Festspela hadde alle gjester fritt tilgjenge i basisutstillinga.

Vi har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar og at dei skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover. Samstundes skal tilbodet vårt romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 0 til 350 kr.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1300 kr som gav tilgjenge til alle arrangement

15.5 iTicket

Billettsalet gjennom iTicket minka med 18 % frå 238 000 kroner i 2011 til 195 000 kroner i 2012. Dette utgjorde 30 % av det samla billettsalet til kulturprogram og festspel, mot 36 % i 2011.

Gjennom iTicket kunne publikum over heile verda kjøpe billettar på Internett til alle arrangement i Ivar Aasen-tunet via vår eigen nettstad eller billettluke.no. Desse kunne hentast hos Narvesen eller 7-Eleven. Publikum kan førebels ikkje skrive ut billettane sjølve, og dei må vere registrerte kundar. Dette held att på bruken av tenesta og forklarar mykje av nedgangen; andre løysingar er blitt meir praktiske for publikum.

16 Økonomi

Medrekna finansinntekter auka Inntektene med 11 % frå 18,8 millionar kroner i 2011 til 20,8 millionar kroner i 2012. Driftskostnadene auka med 12 % frå 18,0 millionar kroner i 2011 til 20,1 millionar kroner i 2012.

Ivar Aasen-tunet stod for 68 % av inntektene, Olav H. Hauge-senteret for 12 % og Felles 11 %.

16.1 Investeringar

I 2012 investerte vi i ombygging av Galleriet som mellombels arbeidsplassar for Språkåret 2013. Dette gir oss tidhøvelege møterom for grupper m.m. når Språkåret er avvikla. Vi utbetra også golvet i Stabburet i samsvar med retningslinjene for antikvariske bygningar. Dermed kan dette huset for første gong opnast for publikum.

Frå og med bygginga av utescena i 2008 har vi no investert om lag 5,8 millionar kroner i større utbetringar av bygningar og anlegg. Alle tiltaka er gjennomførte utan lån.


16.2 Drift

Inntektene har auka markert nesten kvart år. Det gjorde dei også i 2012.

Rekneskapsført statstilskot auka med 13 % frå 13,1 millionar kroner til 14,7 millionar kroner i 2012.

Eigeninntektene er alle inntekter utanom ordinært driftstilskot frå staten. Desse auka med 9 % frå 5 552 000 kroner i 2011 til 6 065 000 kroner i 2012.

Figur 12. Statstilskot og eigeninntekter i mill. kr 2008–2012



Av eigeninntektene auka offentlege prosjekt- og driftstilskot frå fylkeskommunar og kommunar med 14 % frå 1 177 000 kroner i 2011 til 1 177 000 kroner i 2012. Billettsal, sal av varer og tenester, utleige og sponsoravtalar m.m. utgjør marknadsinntektene. Desse auka med 9 % frå 4 325 000 kroner i 2011 til 4 711 000 kroner i 2012.

Driftstilskot frå staten inkludert midlar til Vinjefondet og Språkåret 2013 utgjorde 71 % av samla inntekter, mot 70 % året før. Andre offentlege tilskot stod for 7 % av inntektene, mot 6 % året før. Marknadsinntektene utgjorde 22 % av alle inntekter, mot 23 % året før. Det vil seie at marknadsinntektene auka nesten like mykje som andre inntekter i 2012 og at Nynorsk kultursentrum no følgjer opp fleire inntektskjelder enn før.

Billettinntektene auka med 1 % frå 760 000 kroner i 2011 til 771 000 kroner i 2012. Dette utgjorde 3,7 % av driftsinntektene, mot 4,1 % året før.

Tabell 3. Prosentfordeling kassaomsetning 2009–2012

	2009	2010	2011	2012
Billetter utstilling	7	5	4	5
Billetter arrangement	18	20	24	22
Butikk	37	45	38	47
Kafé og utleige	38	29	34	26
I alt	99	100	100	100

Bruttoomsetninga over kassa inkl. mva passerte rekordnivået frå året før og enda på 2,9 millionar kroner i 2012. I tabell 3 er omsetninga fordelt på dei ulike driftsområda. Fordelinga skiftar frå år til år, men butikken styrkjer over tid stillinga si som ei viktig inntektskjelde.

Kostnadene auka noko meir enn inntektene i prosent.

Samla lønskostnader auka med nær 10 %, men utgjorde framleis om lag berre halvparten av driftskostnadene: 48 % i 2012 mot 46 % i 2011. Dette inkluderer utøvarhonorar. Den uvanleg låge prosentdelen i 2011 kom av at fleire stillingar var ledige delar av året.

På driftssida var omlegginga til nytt ikt-system den viktigaste endringa. Vi utførte

planlagt vedlikehald i 2012 og var a jour med dette arbeidet ved årsskiftet.

Varelageret hadde ved utgangen av året ein verdi på 510 000 kroner, mot 361 000 kroner i 2011. Vi har heile tida passa på at vi ikkje byggjer opp fiktive verdier i varelageret. Ved årsskiftet reduserte vi lagerverdien med 27 000 kroner i ukurans, mot 61 000 kroner i 2011. Etter dette utgjorde verdien av butikklageret 41 % av nettoomsetninga i butikken, mot 37 % i 2011.

16.3 Drifts- og prosjekttilskot

Kulturdepartementet løyvde i alt 14 468 000 kroner til drifta i 2012. Dette inkluderer 530 000 kroner til Vinjefondet.

Til Olav H. Hauge-senteret gjekk 2 200 000 kroner av løyvinga frå Kulturdepartementet, Hordaland fylkeskommune 411 000 kroner og Ulvik herad 600 000 kroner – medrekna verdien av husleige på 132 000 kroner.

Vi inntektsførte 234 000 kroner i prosjekttilskot mot 242 000 kroner i 2011:

- Møre og Romsdal fylke: 124 000 kroner til Dei nynorske festspela
- Volda kommune: 55 000 kroner til Dei nynorske festspela
- Ørsta kommune: 55 000 kroner til Dei nynorske festspela

Hordaland fylkeskommune løyvde i 2011 850 000 kroner over tre år til basisutstilling og nettstad ved Olav H. Hauge-senteret. Hardangerrådet løyvde i 2012 200 000 kroner til basisutstilling i Olav H. Hauge-senteret. Summane blir etter planen inntektsført over fleire år frå 2013.

Kulturrådet løyvde i 2012 40 000 kroner til definerte prosjekt i Litteraturnettverket, som Nynorsk kultursentrum leier. Summen blir overført til 2013.

16.4 Samarbeidsavtalar

Vi hadde i 2012 gode og langsiktige sponso-
ravtalar med tre samarbeidspartar: Sunnmørs-
posten, Sparebank1 Søre Sunnmøre og Tussa. Rekneskapsførte inntekter frå desse avtalane utgjorde 359 000 kroner mot 357 000 kroner i 2011.

Medrekna kulturprogrammet hadde vi 56 andre samarbeidspartnarar i 2012, mot 72 året før:

Amfi Ørsta, Bama, Bil & Gummiservice, bLEST Litteraturfest, Brudevoll kjøtt AS, Coca Cola, Det Norske Samlaget, Fjord 1 Buss Møre, Forlaget Skald, Friele, Hardanger og Voss Museum, Hotell Ivar Aasen, Iriss forlag, Ivar Aasen-instituttet, Jazzklubben Volda Ørsta, Kafé Fru Svendsen, Kontaktpunktet, Lydkjelleren, Møre folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkesbibliotek, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møremusikarane, Norsk Botanisk Forening, Norsk Forfatter-sentrum, NRK, NRK Nynorsk mediesenter, Nynorsksenteret, Nyttvektstforeningen i Ålesund, Ole Ringdal as, Oppland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Selja forlag, Sivert Aarflot-museet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane Teater, Språkåret 2013, Sunnmøre kultur-næringshage, Tine Meierier Ørsta, Tuns Bakeri, Ulvik Poesifest, Venelaget Olav H. Hauge, Volda Bil, Volda Bygdetun, Volda elektriske mylne, Volda handelsforening, Volda kommune, Volda omsorgssenter Volda sokneråd, Volda vidaregåande skule, Voss bibliotek, Westres bakeri, Ørsta handels- og serviceforeining, Ørsta kommune, Ørsta kunstlag, Ørsta og Volda ballettskule og Ørsta sokneråd.

Dei nynorske festspela hadde 27 samarbeidspartnarar, mot 36 i 2011.

Nynorsk kultursentrum takkar alle samarbeidspartnarane!

16.5 Samfunnsrekneskap

Den kulturøkonomiske verdien av institusjonar som vår er stor. Nynorsk kultursentrum skapte verdier for mange i 2012:

- 2 288 000 kroner i forskotstrekk og 1 443 000 kroner i arbeidsgivaravgift, til saman 3 492 000 kr, mot vel 2,7 millionar kroner i 2011. Dette utgjorde 17 % av samla kostnader, mot 15 % i 2011
- 8,8 millionar kroner i bruttoløn og sosiale kostnader, mot 8,2 millionar kroner i 2011

- 1 403 000 kroner i honorar til utøvarar ved kulturarrangement, Dei nynorske festspela og elevprogram, mot 1,2 millionar kroner i 2011

17 Retning 2018

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2012. I tråd med visjonsdokumentet utvida vi perspektiva for verksemda vår samstundes som vi heldt fast ved posisjonen vår som ein sjølvstendig kulturinstitusjon.

Mykje av vår forståing av den norske språk- og kultursituasjonen låg til grunn for den språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg som eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til våren 2009.

Både årstalen og andre tiltak dokumenterte at det trengst sterke og målretta tiltak for at born med nynorskbakgrunn skal få den språklege sjølvkjensla dei treng og fortener.

I tillegg til eiga institusjonsutvikling prioriterer vi arbeid på desse seks områda:

1. Dialog med mange land og kulturar
2. Oppfølging av språkmeldinga *Mål og mening*
3. Språk i barnehøgda
4. Digital nynorsk
5. Opplæringspolitikk for nynorsk
6. Moderne argumentasjon

17.1 Utvikling i Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum kan gjerne bli ein større organisasjon, men etablerte tiltak må ha passert sine milepålar før nye større tiltak blir ein del av porteføljen. Det er strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er no organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta.

Arbeid for kulturelt mangfald har ein eigenverdi for ein institusjon som vår. Mangfaldåret 2008 fekk diverre lite å seie for ei utvida forståing av det norske kulturelle mangfaldet. Vi fører vidare arbeidet med å utvide forståinga av det norske og doku-

mentere det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet.

Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt.

Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår.

Vi vil ikkje ha noko skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving.

Verdien av publikumstilbodet må målast i meir enn gjestetal. Både arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk skal halde høg kvalitet. Vi utviklar ein god del tilbod vi er åleine om. Ein del arrangement og utstillingar skal ha gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Rådet har ved fleire høve streka under at vidare utbygging i Ivar Aasen-tunet bør vere ei av dei nynorske hovudsakene for det komande tiåret.

Ivar Aasen-tunet er generelt i god stand. Etterspurnaden og aktiviteten er alt mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Presset er difor stort i mange ledd. Alt dette gjer det nødvendig å avklare ei rekkje spørsmål i åra frametter:

- Ny bygning med kjøkken og kafé
- Noko meir utbetring av Gamleveggen
- Garasje og reiskapshus

Vedlikehald av natur- og kulturlandskapet er ei kontinuerleg oppgåve.

Olav H. Hauge-senteret skal ha eit komplett tilbod frå og med 10.5.2014. I samråd med ordførar og rådmann legg vi frå hausten 2012 til grunn at vi kan disponere heile 1.

og 2. etasje i heradshuset. Senteret får ein annan driftsprofil enn Aasen-tunet ved at det ikkje er aktuelt å drive eigen kafé. På den andre sida er Ulvik eit mykje større reisemål for turistar enn Ørsta og Volda er. Difor blir sommarsesongen svært viktig for Hauge-senteret. I 2013 blir forholdet mellom Ulvik Poesifestival og Olav H. Hauge-senteret avklara.

Nynorsk kultursentrum er ein av få kulturinstitusjonar som også driv eigen festival. Dei nynorske festspela er solid etablert som tverrkunstnarleg og sjangerkryssande festival med litterært og språkleg tyngdepunkt. Ved å bli verande ein mellomstor festival kan Festspela styrkje profil og særpreg. Røynslene frå drifta av denne festivalen kjem til nytte viss Nynorsk kultursentrum tek over andre festivalar seinare.

Nynorsk kultursentrum tek ikkje på seg eventuelle nye store driftsoppgåver før Hauge-senteret er etablert i 2014. På ulike måtar er vi likevel med i utviklingsarbeid både i Vinje og Lom.

Vinje kommune tok i 2011 initiativ til drøfting av samarbeid fram mot 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018. Samarbeidet inkluderer plan for eit mogleg Vinje-senter, og drøftingane blir følgde opp i 2013.

Sidan 2011 har vi også vore involverte i arbeidet med å lage eit diktarhus i Lom som eit fellesprosjekt for Lom, Skjåk og Vågå.

17.2 Dialog med mange land og kulturar

Vi arbeider for å auke den språklege toleransen i Noreg, fremje internasjonalt samarbeid og dokumentere den norske språksituasjonen ut frå samanliknande perspektiv.

Dette skal prege kulturprogrammet og festspelprogrammet, utstillingane og andre delar av verksemda vår. På denne måten kan vi formidle erfaringar frå den språkdelte norske kulturen til andre land og kulturar, og vi kan ta inn impulsar andre vegen. Dette vil vere med og vise at nynorsk er eit språk som andre språk, og altså allminneleggjere den norske språksituasjonen.

Vi bør vere med og utvikle meir kontakt mellom nynorske, samiske og kvenske miljø.

Der er mange i sør som må ta innover seg erfaringane med språkleg og kulturelt mang-fald i Nord-Noreg. Det norske stor-samfunnet treng både den nynorske erfaringa og dei røynslene urfolk og minoritetar har gjort. Rammevilkåra våre er prinsipielt ulike, men vi har mykje å snakke om.

I første omgang følgjer vi opp kontakt med Summer Institute of Linguistics i Dallas, USA, som vi vitja i 2011. Dette er største språksenteret i verda, og samarbeidet vil vise att over fleire år.

Vi arbeider også med å etablere eit globalt nettverk av språk- og skriftkulturmuseum. Grunnlaget for dette er dokumentasjonen *Museums of language and written culture*, som blir fullført i 2013. Dette femner om meir enn 40 slike institusjonar. Den internasjonale samarbeidsflata blir også utvida gjennom Litteraturnettverket, ICLM og det nye nettverket Literary societies and literary museums in Europe.

Frå 2011 er vi også involverte i arbeidet med å utvikle eit verdssenter for språk på Island. UNESCO gav prosjektet ein særskild status i 2011. Ein intensjonsavtale mellom fem islandske og norske partar blei signert hausten 2012. Nynorsk kultursentrum leier arbeidet i ei arbeidsgruppe som følgjer opp avtalen. Gruppa har første møtet i april 2013. Vår rolle blir å hjelpe til med utviklinga av innhald, mellom anna på grunnlag av dei røynslene vi har gjort sidan 2000.

Både formelt med sine 23 stiftarar og gjennom ein brei praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølv-stendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegeita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkjer den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet.

Utanom Vinjefondet utøver vi ikkje forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre. Tvert om øver vi press mot dei som har det ansvaret. Samstundes stiller vi gjerne kompetansen vår til rådvelde for

arbeid og tiltak som kan gjere det lettare å vere nynorskbrukar.

Nynorsk skriftkultur har mange handlegkraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og favorisering.

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Vi legg vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

Det siste tiåret har det kome til mange nye institusjonar, både i norsk kulturliv generelt og i nynorskmiljøet. Dette set jamleg evna til samarbeid på prøve. Fleire små institusjonar kan på eiga hand prøve å byggje opp ein kompetanse som alt finst, eller som kunne bli sterkare gjennom samarbeid. Vi tek svært gjerne del i prosjekt som samsvarar med forretningsideen vår. Der vi er med, ønskjer vi å vere aktive, ikkje eit namn til utlån.

17.3 Oppfølging av språkmeldinga

Vi ønskjer å vere ein pådrivar i arbeidet med å følgje opp prinsipp og strategiar i språkmeldinga *Mål og mening*, og utdjupe, presisere og målrette dei viktigaste tiltaka

Eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg i april 2009 til alle hovudlinjene i den språkmeldinga regjeringa Stoltenberg la fram våren 2008, blant anna med eitt kapittel levert frå Nynorsk kultursentrum.

Frå 2009 er det dermed offisiell politikk at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert. Prinsippet nynorsk føreset tre overordna strategiar for tiltak i regi av staten og anna offentleg forvaltning:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt

- Barn og unge må få meir nærkontakt med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt. Det trengst ein administrativ mekanisme som sikrar at nynorsk alltid blir vurdert eksplisitt. Det betyr både å kome inn på førehand og å kontrollere i etterhand. Dette bør ligge organisatorisk til Kulturdepartementet og ha vedtekne rutinar for konsultasjon, slik at det heile byggjer på meir enn god vilje. Essensen bør vere at alle viktige dokument og tiltak som har språkpolitisk relevans eller som har eller bør ha referansar til språk og språkbruk, blir lagde fram for Kulturdepartementet før dei blir vedtekne eller publiserte. Departementet bør i så fall lage eit oversyn over kva slags dokument som fell inn under kategorien "viktige dokument og tiltak", så som stortingsdokument, rundskriv og liknande dokument, tiltakspakkar og planar.

Born og unge må få meir nærkontakt med nynorsk. Born og unge med nynorsk som hovudmål må få alt relevant stoff i si målform, og dei med nynorsk som sidemål må bli fortrulege med nynorsk språk og litteratur. Særleg viktige tiltak er desse:

- nynorske dataspel
- populærkulturelt lesestoff
- nynorskprosjekt i Den kulturelle skulesekken
- Den unge scenen, Norsk amatørteaterfestival og fleirkulturelt barne- og ungdomsteater ved Det Norske Teatret
- nynorsk kvalitetsinnhald på Internett
- fagbøker
- nye nettenester som tunkatten.no og framtida.no

Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege. Både i stat og kommunar må det bli mykje enklare for tilsette å bruke nynorsk. Særleg viktige tiltak er desse:

- Språkbanken
- utvikling og produksjon av ordbøker og fagterminologi på nynorsk
- vanleg og mykje brukt programvare i begge målformer

- utvikling av enkle system for parallell-søking mellom bokmål og nynorsk i sak- og arkivsystem
- vedtekne og jamleg oppdaterte språk-planar for alle organ som kjem inn under mållova
- interdepartementalt utval for språk og teknologi

Nynorsk kultursentrum følgjer opp i nært samarbeid med resten av Nynorsk Forum. Rådet har oppfølging av språkmeldinga som fast sak på alle møte frå og med 2011.

17.4 Språk i barnehøgda

Vi arbeider for å styrkje tilbodet på nynorsk til born i form av lesestoff, barne-tv frå all-mennkringkastarane, digitale tenester, i barnehagane og gjennom Den kulturelle skulesekken

Ei rekkje aktuelle tiltak er skisserte i kap. 17.3.

Nynorsk kultursentrum har sidan 2003 arbeidd for å få språkpolitiske perspektiv inn i Den kulturelle skulesekken. Dette arbeidet gav handfast resultat i *St.meld. nr. 8 (2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida*. Dette inneber at Den kulturelle skulesekken skal vere med og bygge opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen og i større grad enn før gjere skulen til ein berar og formidlar av språkleg og kulturell identitet. Ein konsekvens er at det skal utviklast tilbod på nynorsk også for bokmålslevar.

I årstale nr. 8 dokumenterte vi kor viktige barnehagane er i utviklinga av barnespråk, og kor lite dei fleste barnehagane gjer for å styrkje språk- og sjølvkjensla hos born med nynorskbakgrunn. Born får sterke impulsar frå særleg tv, men sjølv om dei ser jamt meir tv, bruker dei mykje meir av dagen i barnehagen.

I årstale nr. 9 dokumenterte vi at tilbodet av barnebøker er tredobla dei siste 50 åra, men for kvar femtande nye barnebok på bokmål kjem det éi på nynorsk. Der er ein etterspurnad utan tilbod, og det vil seie at marknadsmekanismen ikkje verkar i det norske språkmangfaldet.

Mange regjeringar har teke mål av seg til å styrkje nynorsk skriftkultur. Likevel utgjer ikkje nynorskbøker ein større del av norsk bokproduksjon i dag enn for 100 år sidan. Både her og på fleire andre domene har den statlege språkpolitikken dei siste tiåra stabilisert situasjonen, ikkje styrkt dei endringane som norskskolelærarane dreiv fram med eigne midlar tidleg på 1900-talet.

Desse analysane og vurderingane blir følgde opp, både overfor fagmiljøa og gjennom samarbeid, der Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er særleg viktig.

17.5 Digital nynorsk

Vi arbeider for å fremje tiltak som kan auke bruken av nynorsk i digitale tenester frå skuleverket, offentleg forvaltning og i fritida

Nynorsk må finnast i vanleg bruk der publikum er i kvardagen. Difor er utvikling av digitale tenester og tilbod på nynorsk svært viktig. Over 50 nynorske lokalaviser har eigne nettutgåver, fleire store medieselskap bruker nynorsk i større eller mindre grad på nettstadene sine, og offentleg forvaltning blir sakte betre i sin bruk av nynorsk. Vår rolle er å utvikle eigne gode nettstader, stimulere andre til å gjere det same, og dokumentere verdien av at dette blir gjort.

Regjeringa Stoltenberg la i 2009 fram *St.meld. nr. 24 (2008–2009)* om digitalisering. På grunnlag av drøfting i rådet sende Nynorsk kultursentrum 12.5.2009 notatet *Sju bidrag til ein open og brei digital allmenning* til familie- og kulturkomiteen i Stortinget. Dette er framleis grunnlaget for arbeidet vårt på området.

17.6 Opplæringspolitikk for nynorsk

Nynorskmiljøet har i mange år samarbeidd tett om å sikre læremiddeltilbodet på nynorsk og unngå at digitale tilbod på nynorsk manglar eller ikkje held mål. Særleg gjeld dette tilboda frå det interkommunale forlaget Nasjonal digital læringsarena, NDLA. Mykje av læremidla låg føre også på nynorsk ved skulestart i august 2012, men for elevar i små fag på vidaregåande skule er

situasjonen like alvorleg som før. Truleg er mange av dei elevane som er mest usikre språkleg å finne i desse faga.

Frå inngangen til 2000-talet har opplæringspolitikken for nynorsk vore meir omstridd enn før. Den nye debatten kan forståast som ein konsekvens av dei store skulereformene i 1970-åra. Ved mange høve har Nynorsk kultursentrum både gjort et klart kva som må stå fast og argumentert konstruktivt for endringar. Vi har lagt særleg vekt på at opplæringspolitikken er ein del av ein samla språk- og kulturpolitikk.

Vinteren 2004 gjekk Nynorsk kultursentrum grundig inn i arbeidet med å etablere ein fagleg oppdatert og målretta opplæringspolitikk for nynorsk. På oppdrag frå Utdannings- og forskningsdepartementet utgreidde vi grunnlaget for det som frå 2005 blei Nynorsksenteret.

Styre, råd og administrasjon drøfta ved fleire høve i 2012 nye analysar, initiativ og framlegg, med utgangspunkt i prinsippa frå direktørens årstale nr. 11 om skriftlegheit og vurdering som føresetnader for å drøfte pedagogiske og andre faglege endringar. Nynorsk kultursentrum følgjer opp saka i førremålstenlege former og samanhengar fram mot høyringa for nye læreplanar våren 2013.

17.7 Ny og moderne argumentasjon

Vi har gjennom dokumentasjonen av partipolitiske formuleringar om språkpolitikk frå 1906 vist korleis den allmenne politiske tenkinga om språkpolitikk stivna utover på 1900-talet. Vidare har vi i fleire årstalar analysert den argumentasjon som har vore ført i språkpolitikken generelt og i pressestøttepolitikken og opplæringspolitikken spesielt.

Vi vil vere med og utvikle ein ny, overordna, framtidsretta argumentasjon for nynorskens plass i landet. Både mange samfunnsendringar, store endringar i busetnadsmønster, ideologiske tidsskifte og mengda av nyare kunnskap om forholdet mellom språk og samfunn gjer dette nødvendig.

Eitt av utgangspunkta er at mangfald er ein måte å tenkje på. Ein kan ikkje velje vekk

dei delane ein ikkje vil ha, ta vare på resten og utrope seg som varm tilhengjar av mangfald. Vi må ta vare på dei språklege og kulturelle skilnadene vi har i Noreg, både dei som har vore her i meir enn tusen år, og dei som har vandra inn i landet dei siste tiåra. Utan ei slik plattform lærer vi ikkje tenkjemåten mangfald.

Vårt bidrag til ein slik argumentasjon fekk ei samlande form i årstale nr. 12 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, *Draumen om målet*.

17.8 Vinjefondets rolle

Vi har dokumentert kor viktig pressa er for nynorsk skriftkultur. Dei nynorske lokalavisene produserer like mykje nynorsk lesestoff på eitt år som norske forlag gjer til saman på fire år. Særleg lokalavisene er viktig lesestoff for born som knekkjer eller nettopp har knekt lesekode.

Alt dette er argument for radikale endringar i mediestøtta. Denne støttepolitikken må ha ein tydeleg språkprofil. Noreg treng ein samla, systematisk og målretta medie-støttepolitikk for alle skriftmedia som er på høgd med røynda. Mediepolitikken må presiserast ut frå det samfunnsoppdraget pressa har og slå fast at det oppdraget inkluderer styrking av begge skriftkulturane i Noreg.

Ei god språkpolitisk støtteordning for journalistisk publisering på papir eller Internett kan vere ein nynorsk pott som svarar til 25 % av den samla pressestøtta. Ein slik pott må då kome i tillegg til anna støtte.

Vinjefondet er eit lite, men målretta tiltak som kjem i tillegg til dei store støtteordningane. Med midlar frå Vinjefondet kan jamt fleire medieverksemdar vere med og auke bruken av nynorsk.

17.9 Språk- og kulturpolitikk etter 2013

Sidan 2004 har det også vore uttrykt politikk frå eit breitt fleirtal i Stortinget at det skal gjennomførast ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Det trengst ein *nynorsk tiltakspakke 2010–2013*. Å styrkje bruken av nynorsk er å styr-

kje bruken av norsk språk generelt. Der nynorsk blir brukt meir, blir engelsk brukt mindre. Stortinget vedtok i 1885 å jamstille nynorsk og bokmål. Reell jamstelling er berre mogleg viss det blir gjort mykje ekstra for nynorsk.

Det trengst *mykje større og øyremerkte nynorsktiltak*. Mange generelle støtteordningar kjem også nynorskbrukarane til gode, som pressestøtta og støtta til museum og teater, men staten har få og små støtteordningar som har til oppgåve å styrkje nynorsk skriftkultur.

Det trengst *mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda*. Nynorskbrukarane bur over heile landet, bruken av nynorsk er stabil på mange område, og styrkt på nokre, men presset aukar. Det nynorske grunnfjellet kan kome til å slå sprekkar viss effektive mottiltak ikkje blir sette inn. Åtte av ti nynorskelevar i grunnskulen bur i dei 114 nynorskkommunane. Her verkar to tendensar i negativ lei: Ein aukande prosentdel av elevane bruker bokmål, og folketalet stagnerer eller går ned. Utviklinga i dei nynorske kjerneområda avgjer kva stilling nynorsk har som landsgyldig og jamstelt språk om femti år.

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gamal og byggjer på ein tusenårslang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til noko liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss. Arbeidet held fram i retning av 2018 som rommar både 200-årsjubileet for A.O. Vinje og 150-årsjubileet for Det Norske Samlaget.